

# **Nevromuskulær trening i jentefotballen**

ELSA SLÅTTO

**RETTEIARAR**  
Ketil Østrem & Thomas Bjørnsen

**Universitetet i Agder, 2021**  
Fakultet for helse og idrettsvitenskap  
Institutt for idrettsvitenskap og kroppsøving

## **Forord**

Idrett er identitet og nasjonalkjensle. Det er lidenskap og kunnskap, kjensler, mestring og utvikling. Idrett er relasjonar, fellesskap og lagarbeid på tvers av økonomiske forskjellar, livssyn og politikk. Å utdanne meg innan idrett har vore eit privilegium! Å akkumulere studiepoeng har til tider gjort at eg har stivna, og må hive etter pusten etter lange løp - men det har aldri vore eit alternativ å setje seg på benken. For rett som det er kjem overskotet til å fortsette å kjempe til den store gullmedaljen. Mengder med lag- og eigentrening i form av førelesingar, pensum, oppgåveskriving, praksis, kollokviegrupper og treningar har gitt nye perspektiv og kompetanse om idretten si rolle i samfunnet. Som tidlegare venstreback i fotball brenn eg for at andre skal få kjenne på overskotet, mestringa og idrettsgleda. Sjølv om det ligg meir bak prestasjonen enn fysiske eigenskapar og motoriske ferdigheiter, er dette ein start for å løfte norsk jentefotball. Enten det er å legge til rette for ein aktiv livsstil, eller med ambisjonar om å ein gong spele med det norske flaget på brystet.

Etter 6 år som student er masteroppgåva ferdig, og det er mange som skal ha ein stor takk for å stille opp som supporterar:

Først og fremst vil eg takke mine flinke rettleiarar, Ketil Østrem og Thomas Bjørnson, for rettleiing av høg kvalitet og til tider sårt trengt støtte.

Takk til alle jentene som var med på prosjektet, og den iherdige innsatsen de la ned i testar og intervension! Takk til mine engasjerte test-assistentar, og til UiA for økonomisk støtte. Utan dykk hadde det ikkje vore mulg å gjennomføre dette prosjektet!

Eg vil og rette ei stor takk til mange fin klassekameratar i løpet av studieløpet, som har skapt mange uforgløymelege minner - og til alle imøtekommande og engasjerte lærarar på UiA som på imponerande vis husker «gamle» fjes.

Takk til familie og vener som heier og støtter, som er interessert og som utfordrar meg.

Til sist vil eg takke mor, som alltid viser interesse og er nysgjerrig. Du inspirerer meg til å halde fram sjølv når det er tungt, du støtter meg i dei vala eg tar, og pusher meg til å gjere det little ekstra. Samtidig passar du på at eg tar vare på meg sjølv oppi alt.

Kristiansand 19.05.2021

Elsa Slåtto

## **Samandrag**

**Bakgrunn:** Fysisk aktivitet og motorisk kompetanse er essensielle komponentar for ein aktiv livsstil og prestasjon i multikomponente idrettar som fotball. Som ein funksjonell og holistisk treningsmetode, kan nevromuskulær trening fremja helse- og prestasjonsfremjande komponentar i barneidretten.

**Hensikt:** Formålet med studien var å undersøke effekten av 9-vekers integrert nevromuskulær trening på grov- og idrettsspesifikk motorisk kompetanse, styrke og retningsforandring hos jenter.

**Metode:** 35 jenter deltok i studiet som intervensionsgruppe ( $n=17$ ;  $10,4 \pm 0,3$  år) eller kontrollgruppe ( $n=18$ ;  $11,4 \pm 1,2$  år). Datainnsamlinga baserte seg på Körperkoordinationstest für Kinder, ståande vristskot, innsideskot, dribleløype, counter movement jump, stilleståande lengde, sit-up styrke og ein modifisert Illinois change of direction. Intervasjonen utgjorde omrent 30 minutt av den vanlige fotballtreningsa på 90 minutt, to gonger i veka. Kontrollgruppa haldt fram med vanlege fotballtreninger.

**Resultat:** Kontrollgruppa hadde større endring i vristskot og agility, samanlikna med intervensionsgruppa ( $p<0,05$ ). Intervensionsgruppa betra sit-up og dribbling frå baseline ( $p=0,01$ ). Kontrollgruppa hadde betra hink over hinder, sidehopp, dribbling og agility ( $p<0,05$ ). Intervensionsgruppa viste ein negativ samanheng ( $p<0,05$ ) mellom endring og resultat ved pretest i alle testar utanom balanse og stilleståande lengde. I kontrollgruppa gjaldt dette i sidehopp, sideflytting, vristskot, innsideskot og dribbling. I sit-up var samanhengen positiv ( $p<0,05$ ).

**Konklusjon:** Det nevromuskulære treningsprogrammet brukt i denne studien hadde ingen effekt på grov- og idrettsspesifikk motorisk kompetanse, styrke eller retningsforandring hos jenter. Effekten av treningsprogrammet hadde ein samanheng med utgangspunktet.

**Nøkkelord:** grovmotorisk kompetanse, idrettsspesifikk motorisk kompetanse, jentefotball, helsefremmande, prestasjonsfremmande

# **Abstract**

**Background:** It's claimed that physical activity and motor competence are essential components of an active lifestyle and performance in multicomponent sports such as soccer. As a functional and holistic training method, neuromuscular training may promote health- and performance related components in kids' sports.

**Aim:** The aim was to investigate the effects of nine weeks neuromuscular training on gross- and sports specific motor competence, strength and change of direction in girls.

**Methods:** 35 girls participated in either the intervention group (IG; n=17;  $10,4 \pm 0,3$  years) or the control group (CG; n=18;  $11,4 \pm 1,2$  years). Körperkoordinationstest für Kinder, standing- and instep kick, dribbling, counter movement jump, standing broad jump, sit-ups and a modified Illinois change of direction test was used to conduct the data material. The intervention was performed twice a week during the first 30 minutes of their regular football training while the CG attended normal soccer practice.

**Results:** The CG had a greater change in standing kick and change of direction compared to IG ( $p<0,05$ ). The IG made progress in sit-up and dribble from baseline ( $p<0,01$ ). CG progressed in leg jumping, lateral jumps, dribble and change of direction ( $p<0,05$ ). The IG showed a negative interaction between progress and pretest results within all tests, except for balance and standing broad jump ( $p<0,05$ ). Within the CG, this interaction was seen in shifting platforms, lateral jumps, shots and dribble. In sit-ups, the CG showed a positive interaction ( $p<0,05$ ).

**Conclusion:** The neuromuscular trainingsprogram used in this study did not show an effect on gross- and sports specific motor competence, strength or change of direction among girls. Thou, effect of the program had an interaction with the baseline.

## **Keys:**

Grossmotor competence, sports specific motor competence, girls' soccer, health promoting, performance promoting

# Innhaldsliste

|              |  |           |
|--------------|--|-----------|
| <b>1.0</b>   | <b>INNLEIING .....</b>   | <b>7</b>  |
| <b>1.1</b>   | <b>PROBLEMOMRÅDE .....</b>   | <b>8</b>  |
| <b>1.1.1</b> | <i>Problemstilling.....</i>  | 9         |
| <b>1.1.2</b> | <i>Hypotesar.....</i>  | 9         |
| <b>1.2</b>   | <b>AVGRENSINGAR AV OPPGÅVA.....</b>  | <b>9</b>  |
| <b>2.0</b>   | <b>TEORI.....</b>  | <b>10</b> |
| <b>2.1</b>   | <b>NEVRMUSKULÆR TRENING.....</b>   | <b>10</b> |
| <b>2.2</b>   | <b>MOTORISK UTVIKLING.....</b>   | <b>11</b> |
| <b>2.2.1</b> | <i>Grovmotorisk kompetanse – grunnlaget for prestasjon i fotball.....</i>        | 14        |
| <b>2.2.2</b> | <i>Funksjonell prestasjon .....</i>  | 16        |
| <b>2.2.3</b> | <i>Idrettsspesifikk motorisk kompetanse.....</i>                                 | 17        |
| <b>2.2.4</b> | <i>Den optimale utviklinga.....</i>  | 18        |
| <b>2.2.5</b> | <i>«Den motoriske gullalderen» - har motorisk utvikling ein tidsfrist? .....</i> | 20        |
| <b>2.3</b>   | <b>STYRKEUTVIKLING OG STYRKETRENING HOS BARN OG UNGE .....</b>                   | <b>21</b> |
| <b>2.3.1</b> | <i>Muskelmasse og styrkeutvikling i modningsprosessen .....</i>                  | 22        |
| <b>2.3.2</b> | <i>Styrkeutvikling for barn og unge utover modningsprosessen .....</i>           | 23        |
| <b>2.3.3</b> | <i>Risiko ved styrketrening for barn og unge.....</i>                            | 24        |
| <b>2.4</b>   | <b>RETNINGSFORANDRING .....</b>  | <b>25</b> |
| <b>3.0</b>   | <b>METODE.....</b>   | <b>28</b> |
| <b>3.1</b>   | <b>EKSPERIMENTELL TILNÆRMING TIL PROBLEMSTILLINGA.....</b>                       | <b>28</b> |
| <b>3.2</b>   | <b>DELTAKARANE .....</b>   | <b>28</b> |
| <b>3.3</b>   | <b>PROSEODYRE.....</b>   | <b>28</b> |
| <b>3.4</b>   | <b>MÅLEMETODAR .....</b>   | <b>29</b> |
| <b>3.4.1</b> | <i>Spørjeskjema.....</i>   | 29        |
| <b>3.4.2</b> | <i>Grovmotorisk kompetanse.....</i>  | 30        |
| <b>3.4.3</b> | <i>Idrettsspesifikk motorisk kompetanse .....</i>                                | 31        |
| <b>3.4.4</b> | <i>Styrke.....</i>   | 33        |
| <b>3.4.5</b> | <i>Retningsforandring.....</i>   | 34        |
| <b>3.5</b>   | <b>INTERVENSJON .....</b>  | <b>34</b> |
| <b>3.6</b>   | <b>VALIDITET OG RELIABILITET .....</b>   | <b>36</b> |
| <b>3.7</b>   | <b>ETISKE RETNINGSLINJER.....</b>  | <b>36</b> |
| <b>3.8</b>   | <b>STATISTISKE ANALYSAR .....</b>  | <b>37</b> |
| <b>3.9</b>   | <b>OPERASJONELLE DEFINISJONAR .....</b>  | <b>37</b> |
| <b>4.0</b>   | <b>RESULTAT.....</b>   | <b>38</b> |
| <b>4.1</b>   | <b>GROVMOTORISK KOMPETANSE .....</b>   | <b>41</b> |
| <b>4.2</b>   | <b>IDRETTSSPESIFIKK MOTORISK KOMPETANSE .....</b>                                | <b>44</b> |
| <b>4.3</b>   | <b>STYRKE.....</b>   | <b>45</b> |
| <b>4.4</b>   | <b>RETNINGSFORANDRING .....</b>  | <b>46</b> |
| <b>4.5</b>   | <b>SAMAHENGAR MED ENDRINGAR .....</b>  | <b>47</b> |
| <b>5.0</b>   | <b>DRØFTING.....</b>   | <b>48</b> |
| <b>5.1</b>   | <b>GROVMOTORISK KOMPETANSE .....</b>   | <b>48</b> |
| <b>5.2</b>   | <b>IDRETTSSPESIFIKK MOTORISK KOMPETANSE .....</b>                                | <b>51</b> |
| <b>5.3</b>   | <b>STYRKE.....</b>   | <b>53</b> |
| <b>5.4</b>   | <b>RETNINGSFORANDRING .....</b>  | <b>56</b> |
| <b>5.5</b>   | <b>METODEDISKUSJON .....</b>   | <b>57</b> |
| <b>5.5.1</b> | <i>Utvalet .....</i>   | 57        |
| <b>5.5.2</b> | <i>Målemetodar .....</i>   | 60        |
| <b>5.5.3</b> | <i>Intervasjon .....</i>   | 66        |
| <b>6.0</b>   | <b>AVSLUTNING .....</b>  | <b>69</b> |
| <b>6.1</b>   | <b>PRAKTISKE IMPLIKASJONAR.....</b>  | <b>69</b> |

|                     |                                  |           |
|---------------------|----------------------------------|-----------|
| <b>6.2</b>          | <b>FRAMTIDIG PERSPEKTIV.....</b> | <b>70</b> |
| <b>KJELDER.....</b> |                                  | <b>71</b> |
| <b>VEDLEGG.....</b> |                                  | <b>79</b> |

## 1.0 Innleiing

Helsedirektoratet (2019) rår barn og unge til å vere fysisk aktiv i minst 60 minutt dagleg, med moderat til høg intensitet. Råda vert grunngjeve med at variert aktivitet utviklar helsefremjande komponentar som uthald, muskelstyrke, hurtighet, fleksibilitet, reaksjonstid, koordinasjon og motorisk kompetanse. Stodden et al. (2008) speiler grunngjevinga til Helsedirektoratet, fordi så vel som fysisk aktivitet er ein essensiell faktor for utvikling av helsefremjande komponentar, er helsefremjande komponentar essensielt for å halde fram med fysisk aktivitet (Gallahue et al., 2020; Myer, Faigenbaum, Ford, et al., 2011; Nordbotten, 2014). Desse faktorane, påverka av fysisk form og sjølvoppfatta motorisk kompetanse, hevdar Stodden et al. (2008) er avgjerande for kor vidt eit individ held fram i ein aktiv eller sedativ livsstil. Rapporten på norske 6-, 9- og 15 åringer frå 2018 gir grunn til uro då norske barn blir mindre aktive og meir sedative, og at færre tilfredsstiller anbefalingane for fysisk aktivitet med aukande alder. Denne trenden er størst hos jentene i alle aldersgruppene (Folkehelseinstituttet, 2019). Sjølv om denne trenden er observert ved tidligare rapportar, kan utilstrekkelig fysisk aktivitet ha ein negativ påverknad på dei helsefremjande komponentane for det enkelte individ (Folkehelseinstituttet, 2019; Gallahue et al., 2020; Myer et al., 2015; Stodden et al., 2008). Bahr et al. (2015) trekk og fram korleis sedative trendar og vanar påverkar rørslekulturen blant norske barn og unge med tanke på transport, leik og fritidsaktiviteter.

I Ungdata-undersøkinga frå 2017, hevda 93% av norske ungdommar at dei i løpet av barndommen hadde vore innom organisert idrett (Bakken, 2017). Ettersom 20% av medlemskapa i NIF er knytt til Norges Fotballforbund (NFF), er fotball den klart største idretten i Noreg (NIF, 2020). Desse tala vitjar om NFF sitt store nedslagsfelt for å legge til rette for og inspirere til ein sunn og aktiv livsstil (Bakken, 2017; NIF, 2009b; Stodden et al., 2008). Idrettsdeltaking handlar likevel om meir enn helsefremjande aktivitet; idrettens karakteristika set krav til å koordinere motoriske ferdigheter og fysiske komponentar i samansette rørslemønster for å kunne prestere (Boraczyński et al., 2019; Noyes et al., 2013; Ramírez-Campillo et al., 2014). Keogh og Sugden (1985, s. 6 sitert i Gallahue & Ozmun, 2020) beskriv motorisk utvikling som ein livslang prosess med «*adaptive endringar mot kompetanse*»; øving, mestring og oppfølging sankar, spesialiserer og effektiviserer rørsler på dei arenaene ein over på (Faigenbaum et al., 2016; Gallahue et al., 2020; Lloyd et al., 2014).

Multikomponente idrettar som fotball gjer det utfordrande å tilrettelegge for ei optimal utvikling (Boraczyński et al., 2019; Forsman et al., 2016; Reilly et al., 2000). *The Youth Physical Development model* (YPD) for jenter (figur 1) er laga som ei vegleiing til foreldre og trenarar, og forsøker å gi ei oversikt over når det er gunstig å fokusere på sentrale komponentar i forhold til alder og pubertet hos jenter (Lloyd & Oliver, 2012). Illustrativt presenterer YDP modellen til Lloyd og Oliver (2012) viktigheten av komponenten med skriftstorleiken, sentrale periodar for adaptasjon for prepubertale jenter med lyserosa boksar, medan dei mørkerosa presenterer sentrale komponentar for adaptasjon for ungdommar. Som ein holistisk treningsmetode har tidligare studiar på integrerte nevromuskulære treningsprogram (INT) gitt effekt på helse- og prestasjonsfremmande komponentar hos barn (Duncan et al., 2018; Gallahue et al., 2020; Naclerio & Faigenbaum, 2011; Nobre et al., 2017; Ramírez-Campillo et al., 2014; Ramsay et al., 1990; Stodden et al., 2008).

| YOUTH PHYSICAL DEVELOPMENT (YPD) MODEL FOR FEMALES |  |     |     |                  |   |                |          |   |    |                |    |    |    |                    |                |           |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
|--|--|-----|-----|------------------|---|----------------|----------|---|----|----------------|----|----|----|--------------------|----------------|-----------|----------------|----|----|---------------------|--|--|--|--|--|--|
| CHRONOLOGICAL AGE (YEARS)                          | 2  | 3   | 4   | 5                | 6 | 7              | 8        | 9 | 10 | 11             | 12 | 13 | 14 | 15                 | 16             | 17        | 18             | 19 | 20 | 21+                 |  |  |  |  |  |  |
| AGE PERIODS  | EARLY CHILDHOOD  |     |     | MIDDLE CHILDHOOD |   |                |          |   |    | ADOLESCENCE    |    |    |    |                    |                | ADULTHOOD |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
| GROWTH RATE  | RAPID GROWTH ↔ STEADY GROWTH ↔ ADOLESCENT SPURT ↔ DECLINE IN GROWTH RATE                   |     |     |                  |   |                |          |   |    |                |    |    |    |                    |                |           |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
| MATURATIONAL STATUS                                | YEARS PRE-PHV ← PHV → YEARS POST-PHV   |     |     |                  |   |                |          |   |    |                |    |    |    |                    |                |           |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
| TRAINING ADAPTATION                                | PREDOMINANTLY NEURAL (AGE-RELATED) ↔ COMBINATION OF NEURAL AND HORMONAL (MATURITY-RELATED) |     |     |                  |   |                |          |   |    |                |    |    |    |                    |                |           |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
| PHYSICAL QUALITIES                                 | FMS  | FMS | FMS | FMS              |   |                |          |   |    |                |    |    |    |                    |                |           |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
|  | sss  | sss | sss | sss              |   |                |          |   |    |                |    |    |    |                    |                |           |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
|  | Mobility   |     |     | Mobility         |   |                |          |   |    | Mobility       |    |    |    |                    |                |           |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
|  | Agility  |     |     | Agility          |   |                | Agility  |   |    | Agility        |    |    |    |                    |                |           |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
|  | Speed  |     |     | Speed            |   |                | Speed    |   |    | Speed          |    |    |    |                    |                |           |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
|  | Power  |     |     | Power            |   |                | Power    |   |    | Power          |    |    |    |                    |                |           |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
|  | Strength   |     |     | Strength         |   |                | Strength |   |    | Strength       |    |    |    |                    |                |           |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
|  | Hypertrophy  |     |     |                  |   | Hypertrophy    |          |   |    | Hypertrophy    |    |    |    |                    | Hypertrophy    |           |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
|  | Endurance & MC   |     |     |                  |   | Endurance & MC |          |   |    | Endurance & MC |    |    |    |                    | Endurance & MC |           |                |    |    |                     |  |  |  |  |  |  |
|  | TRAINING STRUCTURE   |     |     |                  |   | UNSTRUCTURED   |          |   |    | LOW STRUCTURE  |    |    |    | MODERATE STRUCTURE |                |           | HIGH STRUCTURE |    |    | VERY HIGH STRUCTURE |  |  |  |  |  |  |

**Figur 1:** Youth Physical Development model (YPD) for jenter. Skriftstorleiken presenterer viktigheten av adaptasjon for den enkelte komponenten for barn (lyserosa boksar) og ungdommar (mørkerosa boksar). FMS = fundamentale rørslemønster; MC = metabolsk uthald; PHV = vekstspurt; SSS = idrettsspesifikk motorisk kompetanse.

## 1.1 Problemområde

Norsk barnefotball er i stor grad drive av frivillige personar med varierande kompetanse, erfaring og ambisjonar knytt til barn og utvikling (Chroni et al., 2018). Adaptasjonane av sentrale komponentar vert ofte deretter, og kan i verste fall føre til overbelasting og utbrenning blant unge utøvarar (Boraczyński et al., 2019; Brenner, 2007). Den forankringa idretten har blant norske barn og unge gir gode føresetnadar for å utvikle helse- og

prestasjonsfremmende komponentar for idrettslig prestasjon og aktiv livsstil (Bahr et al., 2015; Brenner, 2007; Faigenbaum et al., 2014; Myer, Faigenbaum, Chu, et al., 2011; Myer et al., 2015; Naclerio & Faigenbaum, 2011; Stodden et al., 2008).

Som ein tids- og utstyrseffektiv, holistisk treningsform kan INT truleg vere ein funksjonell metode å bruke i barnefotballen (Panagoulis et al., 2020). Med tilrettelegging etter barnet sine behov, mål og muligheter kan treningsprogrammet fungere som ei verktøykasse for trenarar – og på den måten utnytte potensialet som er i den organiserte idretten til å legge fundamentet for vidare utvikling av ferdigheiter og aktiv livsstil (Behringer et al., 2011; Faigenbaum et al., 2009; Lloyd et al., 2014; Myer, Faigenbaum, Chu, et al., 2011; Myer, Faigenbaum, Ford, et al., 2011).

### **1.1.1 Problemstilling**

Hensikten med studien å sjå på kva effekt nevromuskulær trening har som ein integrert del av fotballtreningsa på grovmotorisk og sports-spesifikk motorisk kompetanse, styrke og agility hos jenter.

### **1.1.2 Hypotesar**

**H<sub>0</sub>:** Integrert nevromuskulær trening har ingen effekt på grov- og idrettsspesifikk motorisk kompetanse, styrke og retningsforandring.

**H<sub>1</sub>:** Integrert nevromuskulær trening har ein effekt på grov- og idrettsspesifikk motorisk kompetanse, styrke og retningsforandring.

## **1.2 Avgrensingar av oppgåva**

Grunna oppgåvas omfang er det vald å sjå vekk frå kva påverknad ein slik intervensjon har på skade og skadeførebygging, samt psykologiske, pedagogiske og kulturelle faktorar som spelar inn. Dette er likevel nemnt der det kan tenkast at det spelar ei sentral rolle. Av praktiske og tidseffektive årsaker er det vald ut testar på sentrale komponentar for prestasjon i fotball, i forsøk på å gi eit heilskapleg bilde på grunnleggande og fotballspesifikt nivå. Studiet tar berre for seg observerbare endringar knytt til grov- og idrettsspesifikk motorisk kompetanse, og ikkje underliggende faktorar.


## 2.0 Teori

### 2.1 Nevromuskulær trening

Nevromuskulær trening (NMT) er ofte assosiert med rehabilitering og skadeførebygging (Myer et al., 2008; Myer, Faigenbaum, Chu, et al., 2011; Myklebust & Risberg, 2002; Pedersen et al., 2005). Myklebust og Risberg (2002) var blant dei første til å omtale omgrepene i Noreg, som ein progressiv og funksjonell treningsmetode som involverte øvingar for balanse, leddstabilisering, pertubasjon og hopp. Målet er å kunne reagere raskare på motorisk respons for å utvikle dynamisk stabilitet, generell og spesifikk muskelstyrke og rørslemønster for å førebur ledd og muskulatur på uføresette situasjoner til kvardags og i idrett (Myklebust & Risberg, 2002; Pedersen et al., 2005). Omgrepet og forklaringa har sidan fått kritikk for å skape forvirring, ettersom «nevro» og «muskulær» siktar til både muskelarbeidet og nerveimpulsane som initierer dette. Pedersen et al. (2005) påpeiker for det første at alle rørsler består av nerveimpulsar og muskelarbeid, og at det dermed er vanskeleg å skilje NMT frå andre treningsmetodar (Pedersen et al., 2005). For det andre er metoden tett assosiert med koordinasjonstrening (Gallahue et al., 2020; Pedersen et al., 2005).

Myer, Faigenbaum, Chu, et al. (2011) presenterer ein meir utfyld definisjon. Som ein integrert del av kroppsøving eller idrettstrening vert omgrepene omtalt som INT. INT inneber funksjonelle øvingar med element av styrke, dynamisk stabilitet, kjernemuskulatur, plyometrisk trening og agility. Målet er å utvikle generell muskelstyrke og motorisk kompetanse, og/eller spesifikt forbetre svakheiter hos individet eller gruppa gjennom målretta øvingar, belasting og oppfølging tilpassast etter utøvaren sin alder, fysiske utgangspunkt og psykososiale miljø. Sentralt i metoden er tett oppfølging av kvalifiserte instruktørar (Faigenbaum et al., 2011; Myer, Faigenbaum, Chu, et al., 2011). Ein kvalifisert instruktør har tilstrekkelig forståing, interesse og oppdatert kunnskap i pediatrisk trening og utviklingsfysiologi til å instruere øvingane. I tillegg evner instruktøren å skape eit morosamt, engasjerande og leikprega miljø kring treninga (Faigenbaum et al., 2011; Faigenbaum et al., 2013; Myer et al., 2015). Myer et al. (2013) illustrerer i figuren på neste side (figur 2) korleis INT kan utvikle den nevromuskulære prestasjonen utover naturleg modning, alt ettersom når det vert integrert. Nevromuskulær prestasjon er dei nevrale aspekta med rørsle; kraft- og hastighetstilpasning, rekruttering av muskelfiber, proprioaktiv tilbakemelding, refleksar og eksistasjons-kontraksjons koplinga. Høg nevromuskulær prestasjon vil kunne gi optimale og

funksjonelle rørsler (Faude et al., 2017). Fråvær av NMT og aktivitet før og i løpet av barne- og ungdomsåra kan derimot føre til uheldige rørslemønster (Hands, 2008; Myer, Faigenbaum, Ford, et al., 2011; Sañudo et al., 2019), og hindre ein å ta ut potensialet (Myer, Faigenbaum, Chu, et al., 2011).



**Figur 2:** Figur henta frå Myer et al. (2013). Konseptuell modell som viser effekten av INT etter når metoden blir innført, og korleis det vil påverke den motoriske kapasiteten og prestasjonen i forhold til naturleg modning.

Fleire studiar har dei siste åra sett på kva effekt INT har på barn i ulike prestasjonsgrupper. Nokre studiar viser til ein signifikant framgang som følger av intervensjonen (Behringer et al., 2011; Duncan et al., 2018; Faigenbaum et al., 2011; Noyes et al., 2013; Panagoulis et al., 2020; Sañudo et al., 2019; Trajković & Bogataj, 2020), medan andre studiar ikkje fann forskjell mellom intervensjonsgruppa og kontrollgruppa (Behringer et al., 2011; Lindblom et al., 2012; Sañudo et al., 2019).


## 2.2 Motorisk utvikling

Motorikk betyr «å bevege», og er omtalt som nervesystemets viljestyrte rørsle av skjelettmuskulatur på grunnlag av kroppens mobilitet, stabilitet og koordinasjon (Hauge, 2020; Olympiatoppen, 2019). I fagterminologien er «motorikk» vanlegvis supplert med eit påfølgande ord for å skilje mellom eit vidt spekter av omgrep. Definisjonen av motorikk kan

dermed assosierast med omgrepet motorisk ferdigheit (Haugen & Moser, 2016); ei lært, mål-orientert, frivillig rørsle av ein eller fleire kroppsdelar. Den motorisk ferdigheita består av ulike rørslemønster, som vil seie ein organisert serie av relaterte rørsler som å løfte ein fot eller strekke ein arm. Rørslemønster er for isolerte til å bli kalla fundamentale rørslemønster, som er kombinasjonar av fleire rørslemønster av to eller fleire kroppsdelar som å springe, sparke og vende. Rørslene kan bli klassifisert ut frå enkle ein-dimensjonale skjema for dei muskulære, tidsmessige, miljømessige og funksjonelle aspekta ved ei rørsle. I mange høve set aktiviteten krav til gode koordinative eigenskapar, altså å kunne nytte seg av ulike motoriske og sensoriske system for å kunne prestere i komplekse rørslemønster med ulike aspekt. To-dimensjonale skjema forsøker å gi ei meir kompleks forståing og klassifisering, og korleis rørsle kontinuerlig utvikles frå det enkle til det komplekse, og frå det generelle til det spesielle (Gallahue et al., 2020).

Motorisk utvikling er beskrive som livslang prosess med «*adaptive endringar mot kompetanse*» (Keogh & Sugden, 1985, s. 6 sitert i Gallahue & Ozmun, 2020). Definisjonen beskriv ei livslang opparbeidning eller vedlikehald av kroppens funksjon i kvardag og idrett (Gallahue et al., 2020). Utviklinga er ein høgst individuelt spesialisert prosess - i samsvar med biologiske prosessar, bygger ein seg motorisk kompetanse etter dei erfaringane, treningane og oppfølgingane ein har på dei arenaene ein øver seg i (Gallahue et al., 2020; Myer et al., 2015). Den motoriske kompetansen gir med det eit indirekte mål på den motoriske utviklinga ved bruk av motoriske testar, som kvalitativ og kvantitatativt gir ein status på den motoriske utviklinga (Sigmundsson & Haga, 2000; Sigmundsson & Pedersen, 2000). Talentutvikling i multikomponente idrettar som fotball handlar om å utvikle utøvarane fysisk, psykisk, taktisk og teknisk over tid (Forsman et al., 2016; Reilly et al., 2000). Den tekniske biten utgjer den idrettsspesifikke motorisk kompetanse, som naturligvis baserer seg på summen av idrettsspesifikke motoriske testar (Davids et al., 2000; Gallahue et al., 2020; Kokstejn et al., 2019; Rampinini et al., 2009; Sigmundsson & Haga, 2000; Sigmundsson & Pedersen, 2000).

Timeglaspyramiden (figur 3) som er illustrert nedanfor kombinerer timeglasmodellen til Gallahue et al. (2020) og prestasjonspyramiden til Cook (2003). Som ein to-dimensjonal modell forsøker den å gi eit bilet på ei optimal motorisk utvikling, frå den konkrete oppgåva til prestasjon i idretten, og faktorar som spelar inn på dette.



**Figur 3:** Timeglaspyramiden er inspirert av timeglasmodellen til Gallahue et al. (2020) og den optimale prestasjonspyramiden til Cook (2003). Modellen illustrerer eit teoretisk og praktisk rammeverk for å sikre optimal motorisk utvikling mot idrettsspesifikk prestasjon.


Oppbygginga til timeglasmodellen, som opphavleg illustrerer ei stegvise motorisk utvikling på eit generelt nivå, gir eit teoretisk rammeverk for utviklinga. Individuelle- og miljømessige faktorar, genar og miljø påverkar kor vidt øvingane påverkar utviklinga til individet.

Modellen understreker at genar har ein avgrensa påverknad på motorisk utvikling med at begeret har lokk, medan miljøet utan lokk er ein utømmeleg faktor i fyllinga av dei ulike fasane (Gallahue et al., 2020). Skissa av prestasjonspyramiden utgjer den praktiske tilnærminga av motorisk utvikling gjennom tre steg som optimalt sett bygger på ein annan; funksjonell rørsle, funksjonell prestasjon og idrettsspesifikk ferdighet. Pyramiden bygger på ei botn-opp tilnærming, kor den motoriske kompetansen fungerer som fundamentet for å

kvantitativ og kvalitativt tileigne seg idrettsspesifikk motorisk kompetanse. Buffersona mellom stega viser at utøvaren har eit tilstrekkelig fundament til å kunne handtere dei tilføyingane som neste steg bringer. Avvik frå denne oppbygginga bør legge føringar for individuell tilpassing av øvingar for å unngå skadar og/eller stagnering i prestasjonen (Cook, 2003).

### **2.2.1 Grovmotorisk kompetanse – grunnlaget for prestasjon i fotball**

Den grovmotoriske kompetansen representerer fundamentet for den motoriske utviklinga. Cook (2003), som kallar steget for funksjonell rørsle, beskriv det som emna til å utføre fundamentale rørslemønster, med mobilitet og stabilitet som grunnleggande faktorar. For å mestre dette er det avgjerande med tilstrekkelig nevromuskulær prestasjon (Faude & Donath, 2019). Analysering og tilbakemeldingar på dette nivået bygger på om rørsla er optimal, godkjent eller misslukka (Cook, 2003). Ein mykje nytta test for mål på den grovmotoriske kompetansen hos barn og unge er *Körperkoordinationstest für Kinder* (KTK) av Schilling og Kiphard (1974). Testen består av fire isolerte øvingar for balanse, hink, hopp og sideflytting av kropp og plater. Summen utgjer ein motorisk kvotient (MQ) som klassifiserer den grovmotoriske utvikling i følgjande kategoriar: «ikke mulig» ( $MQ < 56$ ), «alvorlig motorisk liding» (MQ, 56-70), «moderat motorisk liding» (MQ, 71-85), «normal» (MQ, 86-115), «god» (MQ, 116-130) og «høg» (MQ, 131-145) (Schilling & Kiphard, 1974). I eit større tverrsnittsstudie på portugisiske barn på 6-14 år konstruerte Antunes et al. (2015) persentilar, og jentenes kurver er presentert i figur 4a-d nedanfor. Som ein kvantitativ test gir resultatet tilbakemelding til utøvaren kor ho er i forhold til klassifiseringa, og persentilane ei tilbakemelding på kor ho er i forhold til gjennomsnittet.



**Figur 4a-d:** Persentile kurvar for portugisiske jenter (6-14 år) i deltestane til Körperkoordinationstest für Kinder (KTK); balansere bakover (a), hinke over hinder (b), sidehopp (c) og sideforflytting (d). Verdiane er oppgitt i poeng (Antunes et al., 2015).

Av individuelle faktorar påverkar treningsalderen utviklinga av den motoriske kompetansen, og gir elles adekvate utøvarar ulike utgangspunkt for opparbeidning og vedlikehald av motorisk kompetanse (Faigenbaum et al., 2016; Gallahue et al., 2020; Lloyd et al., 2014). Treningsalder, som her regnes synonymt med rørsleerfaring, er definert som tida ein bruker i periodisk eller langvarig deltaking i fysisk aktivitet som fosterer utvikling av rørsleapparatet, basale rørslemønster og generell fysisk form (Myer et al., 2013). I samanhengen mellom motorisk kompetanse og treningsalder kan ein ikkje sjå på tida i fysisk aktivitet åleine; utøvarens utgangspunkt (alder, biologi og treningsalder), instruktørens kunnskap og emne til

å følge opp og kvaliteten på øvinga spelar inn (Cook, 2003; Myer, Faigenbaum, Chu, et al., 2011; Myer et al., 2013). Den psykososiale statusen til utøvaren, forstått som emna ein har til å ta til seg og rette seg etter gitte tilbakemeldingar samt oppretthalde den nødvendige konsentrasjonen, er og ein vesentlig individuell faktor for utviklinga (Behringer et al., 2011; McQuilliam et al., 2020; Myer, Faigenbaum, Ford, et al., 2011; Myer et al., 2013). Økonomi, fasilitetar, trenarteam og vener er døme på miljømessige faktorar (Gallahue et al., 2020).

I eit longitudinelt studie over ein 5-års periode samanlikna Hands (2008) barn med låge motoriske ferdigheiter og barn med høg motorisk kompetanse, og fann at skilnaden mellom barna heldt seg til tross for at begge gruppene hadde signifikant forbeting. Segberg (2018) presenterte liknande observasjonar, noko som indikerer at det er vanskeleg for barn med låg motorisk kompetanse å ta igjen jamn aldrande med høg motorisk kompetanse (Hands, 2008; Segberg, 2018). Skilnadane mellom gruppene kan kome av ulik modningsprosess, og/eller grunna ineffektive rørsler. Hos barn med lågare motorisk kompetanse kan ein observere at rørlene er meir isolerte og stive, og/eller avgrensa eller overdrivne bruk av kroppen. I tillegg ser ein at prestasjonen i øvinga frå repetisjon til repetisjon er mindre tilrekneleg hos barn med lågare motorisk kompetanse (Hands, 2008). Buffersone til neste steg, som tydar på at dei fundamentale rørlene er tilstrekkelige nok til å handtere den krafta som utøvaren kan generere (Cook, 2003)

### **2.2.2 Funksjonell prestasjon**

Funksjonell prestasjon, også kalla grov atletisme, utgjer det neste steget i utviklinga og handlar om å effektivisere den etablert rørsla. Hovudsakleg handlar det om evna til å generere og kontrollere kraft i rørlene. Analysering og tilbakemeldingar på dette nivået baserer seg på nokre få, generelle testar på tvers av idrettar. Utvikling av dette steget inneber ofte styrketrening med belasting eller ein plyometrisk metode. Det er viktig at denne treninga ikkje har ein negativ effekt på fundamentet (Cook, 2003).

Som kroppens anatomiske base, er kjernemuskulaturen eit eksempel på korleis muskelkraft spelar ei sentral rolle i prestasjonen av rørslemønster (Kibler et al., 2006). For det første stabiliserer kjernemuskulaturen hofter, ryggrad og bekken for å oppretthalde ein god haldning, både statisk og dynamisk (Kibler et al., 2006; Myer et al., 2008). For det andre bidreg kjernemuskulaturen til å generere og vidareføre energi frå ein kroppsdel til ein anna, som er sentrale blant fleire av prestasjonsparametrane i fotball (Kibler et al., 2006; Myer et

al., 2008). Kibler et al. (2006) beskriv det som eit piskeslag i til dømes eit skot.

Kjernemuskulaturen set i gong rørsla med å kontrahere hofta, medan momentarmen (beinet) skapar ein piskeeffekt på det distale segmentet (foten) som treff ballen.

Buffersonen til det øverste steget betrer effektiviseringa av dei idrettsspesifikke øvingane med å kombinere og spesialisere rørlene og krafta til å prestere i dei idrettsspesifikke ferdighetene (Cook, 2003; Gadev & Peev, 2018).

### **2.2.3 Idrettsspesifikk motorisk kompetanse**

Idrettsspesifikk motorisk kompetanse utgjer toppen av pyramiden, kor rørlene verker spesialiserte til idretten. Dette nivået kan innebere organiske analysar og tilbakemeldingar på idrettsspesifikke testbatteri, som konkurransestatistikk eller videoanalyse (Cook, 2003). Utviklinga utgjer kvantitativt og kvalitativt opparbeiding av idrettsspesifikke ferdigheter som skot, dribling og pasning (Davids et al., 2000; Gallahue et al., 2020; Koksteln et al., 2019; Rampinini et al., 2009; Sigmundsson & Haga, 2000; Sigmundsson & Pedersen, 2000).

Skot er anerkjend som ein sentral ferdighet i fotball, og er eit rørslemønster som krev styrke og koordinasjon (Campo et al., 2009). Utifrå ein videoanalyse på skot rangerte Bloomfield et al. (1979) deltakarane frå 1-6 basert på teknisk utføring, kor 1 var nybegynnar og 6 var bortimot ferdigutvikla skot. Deltakarane var gutter mellom 2-12 år. Eit ferdigutvikla skot har eit noko vinkla oppløp til den retninga sparket skal. Nær ballen initierer utøvaren ein bakoversving på sparkbeinet med å hyperekstendere hofta, samtidig som stambeinet gjer eit hoppsteg til side for ballen. I det stambeinet landar har sparkebeinet allereie starta med å flektere i hofte og kne for å svinge beinet framover. Når sparkbeinet nærmar seg ballen strekkes kneet ut, medan hofte held fram med å flektere. Hofterørla sakkar ned like før ballkontakten. Ved ballkontakt er stambeinet nesten vinkelrett med bakken, overkroppen er litt lena bakover og til sida og motsett arm framover for å oppretthalde balansen i sparken. Etter sparket fullfører beinet bevegelsen nesten opp til hoftehøgde. Gruppe 6 hadde nesten eit ferdigutvikla skot, og snittalderen i gruppa var 11,2 år (9,1-12,3 år).

På bakgrunn av dette frårår Rodríguez-Lorenzo et al. (2015) å evaluere ballhastigheten hos barn under 11 år, fordi målet ikkje er reliabelt. Individuelle faktorar som alder, høgde, vekt og styrke som følger av modningsprosessen påverkar skothastigheten (Gadev & Peev, 2018;

Rodríguez-Lorenzo et al., 2015). Gadev og Peev (2018) fann moderat korrelasjon mellom hastighet på ball ved innsideskot og mål på eksplosiv styrke i bein hos yngre utøvarar (12-14 år;  $r=0,33-0,47$ ), men ein moderat til sterk korrelasjon blant dei eldre spelarane (18-19 år;  $r=0,57-0,76$ ). Truleg heng dette saman med kor vidt utøvaren klarar å utnytte krafta i rørslemónsteret; ein mindre erfaren har ein meir isolert teknikk, medan ein meir vidarekommen spelar vil kunne bruke større delar av kroppen til å produsere kraft (Bloomfield et al., 1979; Brenner, 2007; Cook, 2003; Gadev & Peev, 2018). Gjennom god vegleing og tilpassa øvingar har mindre erfarte spelarar har truleg eit større potensiale for utvikling (Solum et al., 2020). Treningsalderen er også ein sentral faktor i kor hardt ein skyt, ettersom lengre erfaring og fleire repetisjonar optimaliserer rørslemónsteret (Birch, 2016; Rodríguez-Lorenzo et al., 2015). Dette ser ein i forskjellen mellom erfarte- og uerfarne spelarar, kor erfarte skyt hardare (Rodríguez-Lorenzo et al., 2015). Studiar på skothastighet og samanhengar kring dette viser varierande resultat, og representerer dessutan mannlige utøvarar og/eller godt trenede utøvarar (Campo et al., 2009; Rodríguez-Lorenzo et al., 2015).

## 2.2.4 Den optimale utviklinga

Timeglaspyramiden illustrerer ei optimal utvikling av helse- og prestasjonsfremjande parameter mot prestasjon, kor det stødige fundamentet legg grunnlaget oppover i modellen (Cook, 2003). Utfallet får fram forholdet mellom motorisk kompetanse og fysiske komponentar for å oppnå funksjonell rørsle: for å gjennomføre idrettsspesifikke ferdigheiter treng ein kontrollerte rørsler med riktig krafttilpassing (Cook, 2003; Malina et al., 2004; Myer et al., 2013; Nordbotten, 2014; Stodden et al., 2008). Det er vist ein samanheng mellom motorisk kompetanse og eksplosiv styrke (Cattuzzo et al., 2016; Hands, 2008). Treningsintervensjonar forsterkar komponentane, men det krev øving, tid og modning for å overføre denne krafta til den gitte ferdigheita (Campo et al., 2009). Idrettens karakteristika kombinerer og repeterer desse to komponentane, som i og for seg gir utvikling (Cattuzzo et al., 2016). At idrettsdeltakinga i seg sjølv utviklar komponentane skapar eit stadig større skilje mellom dei beste og dei dårligaste, fordi det kan tenkast at dei beste er og dei som er mest aktive, mest ivrige og får dermed flest repetisjonar i løpet av trening og kamp (Hands, 2008; Segberg, 2018; Stodden et al., 2008). Men å kombinere treningsintervensjonar og idrettsspesifikk trening er truleg ein lovande tilnærming for utvikling av helse- og prestasjonsfremjande komponentar i barneidretten .

Pyramiden utgjer ei praktisk oppbygging ein kvar utøvar bør rette seg etter, og som vegleier trenarar i planlegginga, gjennomføringa og oppfølginga av øvingar og økter (Cook, 2003).

Frå eit utøvarperspektiv vil funksjonelle, varierte og progressive som INT for det første legge til rette for eit bredt fundament, som førebur utøvaren til tyngre treningsprogram for komponentar som spenst og hurtigheit. Dette dannar ein robusthet for ein lang og krevjande idrettskarriere (Faigenbaum et al., 2016; Gallahue et al., 2020; Myer, Faigenbaum, Ford, et al., 2011; Tønnessen, 2012). For det andre vil eit holistisk rørslerepertoar gi utøvaren betre føresetnadar for å mestre stadig meir komplekse rørslemónster (Faigenbaum et al., 2016; Jayanthi et al., 2013; Myer, Faigenbaum, Ford, et al., 2011).

INT har vist god effekt på utvikling av fundamentale rørslemónster og rørslekompetanse hos barn og unge (Behringer et al., 2011; Boraczyński et al., 2019; DiStefano et al., 2010; Duncan et al., 2018; Faigenbaum et al., 2016; Myer, Faigenbaum, Chu, et al., 2011; Nobre et al., 2017). Studiar tydar på at effekten av INT synast å vere størst hos deltakarar med lågare motorisk kompetanse, samanlikna med jamn aldrande med høgare motorisk kompetanse (Behringer et al., 2011). Det gir barn og unge med låg motorisk kompetanse ein muligkeit til å ta igjen jamn aldrande (Behringer et al., 2011; Hands, 2008; Myer et al., 2013). Årsaken kan ligge i belastinga. Behringer et al. (2011) hevda i sitt metastudie at belastinga bør vere minst 50% av 1RM for å kunne oppnå effekt på dei fundamentale rørslemónstera. Likevel kan øvingar med kroppsvekt gi tilstrekkelig belasting for å oppnå framgang, samtidig som øvingane ofte er svært funksjonelle (Behringer et al., 2011; Cook, 2003; Myer, Faigenbaum, Chu, et al., 2011). Eit studie på kvinnelige fotballspelarar samanlikna ei gruppe som trena med utstyr, ei gruppe som trena utan utstyr og ei gruppe som haldt fram med vanlig fotballtrening. Etter 12 veker intervasjon viste begge intervensionsgruppene signifikant betre framgang enn kontrollgruppa på sprint, retningsforandring og eksplosiv styrke i underekstremitetane. I agility og horisontalt hopp presterte gruppa utan utstyr signifikant betre enn begge dei andre gruppene. Truleg kjem forskjellen mellom dei to intervensionsgruppene av at gruppa utan utstyr hadde meir plyometriske øvingar, medan gruppa med utstyr hadde fleire øvingar på kjernemuskulatur (Polman et al., 2004).

Vekstspurten hos jenter kjem normalt sett ein stad mellom 9-12 år, og kan innanfor ei jamn aldrande gruppe skape store individuelle forskjellar fordi utøvarane er på ulike stadium (Philippaerts et al., 2006). Jenter kan oppleve ei stagnering og/eller reduksjon av styrke og motoriske ferdigheiter under og etter puberteten (Birch, 2016; Hirtz & Starosta, 2003;

Tomkinson et al., 2018). I tillegg beveger tyngdepunktet lengre ned, noko som kan svekke kroppskontrollen og stabiliteten (Malina et al., 2004; Myer et al., 2008). Saman med ei utflating på utvikling av styrke og muskelmasse kan dette påverke prestasjonen i fleire fysiske parameter (Lloyd & Oliver, 2012; Malina et al., 2004; Tomkinson et al., 2018).

Oppbygginga er dynamisk og kan endre seg med tida, og det er derfor viktig å skape program som opprettheld balansen mellom stega. Avvik frå denne oppbygginga kan føre til skadar, og/eller at ein ikkje får ut det fulle potensialet i rørsla. Med avvik kan det då vere gunstig å gjennomføre program og intervensionar som rettar seg mot avvika til den enkelte utøvaren. Programmet kan over ein periode føre til stagnering eller ein liten reduksjon av stega oppover i modellen, men bør ikkje gå på kompromiss av stega nedover i modellen. Det er derimot ikkje sagt at utøvarar med optimal oppbygging ikkje kan halde fram med å utvikle seg. Det handlar berre om å legge funksjonelle rørsler i botn, før dei etter kvart munnar ut i idrettsspesifikke ferdigheiter gjennomført med kontroll og kraft (Cook, 2003).

## **2.2.5 «Den motoriske gullalderen» - har motorisk utvikling ein tidsfrist?**

Nervesystemet aktiverer og koordinerer den muskulaturen som trengs for å fullføre eit rørslemønster gjennom kroppens kommunikasjonskanalar, kalla nervebanar (Birch, 2016; Cook, 2003; Jansen & Glover, 2020). Mange kvardagslege- og idrettsspesifikke rørsler bygger på dei same rørslemønstera og nervebanane. Overlappinga stimulerer nervebanane på tvers av aktiviteter, og fører til kvantitative og kvalitative endringar av nervesystemets emne til å sende informasjon om rørsler (Birch, 2016; Cook, 2003; Sigmundsson & Pedersen, 2000).

«Den motoriske gullalderen» vert omtalt som ein særleg trenbar periode av motoriske ferdigheiter, kor det vert oppfordra til å sanke mange rørslemønster som kan effektiviserast i seinare alder (Birch, 2016; Hirtz & Starosta, 2003; Solum et al., 2020). I forskingslitteraturen er omgrepet lite brukt, men kan assosierast med det som vert kalla den sensitive perioden (Solum et al., 2020). Det vert hevdat hjernen er meir plastisk i denne perioden (Birch, 2016; Knudsen, 2004), og at nevrale nettverk som ikkje vert etablert i denne perioden kan bli vanskeligare å tilegne seg seinare (Birch, 2016; Myer, Faigenbaum, Chu, et al., 2011). Studie som samanliknar læring av motoriske ferdigheiter hos barn i den sensitive perioden

med eldre, viser derimot varierande resultat knytt til teorien (Behringer et al., 2011; Lee et al., 2018; Lukács & Kemény, 2015; Solum et al., 2020).

At hjernen er plastisk betyr at den er formelig, som er viktig for å kunne tilpasse, oppretthalde og lære motoriske ferdigheter (Birch, 2016; Jansen & Glover, 2020; Ploughman, 2008). Ei rørsle kjem av at sensoriske nerveceller oppfattar og tilarbeider informasjon frå omgjevnadane rundt, slik at motoriske nerveceller aktiverer skjelettmuskulaturen deretter. Nervesignalet vert mottatt av nervecellas dendritt, vidare gjennom aksonet og overført til mottakarcella ut frå nervecellas synapse (Holck, 2020; Jansen & Glover, 2020; McArdle et al., 2015a). Ved modning og trening oppstår kvantitative og kvalitative endringar av nervecellene, som påverker emna til å bringe informasjon (Birch, 2016; Ploughman, 2008). Kvantitative endringar oppstår med tilstrekkelige repetisjonar og/eller stor nok kraft i øvinga til at det skjer strukturelle endringar, ofte kalla synaptisk vekst (Birch, 2016). Grunna auka mengde frigjorte signalstoff utvider synapsen seg med eit ytterlegare kontaktpunkt (Birch, 2016; Jansen & Glover, 2020; Ploughman, 2008). Dei kvalitative endringane omtalar her myeliniseringa av nervecella; fleire og fastare lag med myelin kring aksonet på nervecella gir beskyttelse, og fører med seg eit raskare og kraftigare nervesignal (Birch, 2016; Holck, 2020). Øvingar ein har repetert vil vere mindre energi- og tidkrevjande, fordi hjernen formar og forbetrar dei nervebanane som vert stimulert (Birch, 2016; Myer et al., 2015). Det er ulike meningar på når denne perioden er, men truleg varer perioden frå 6-12 år og fram til starten av puberteten og vekstspurten (Jensen et al., 2016; Myer, Faigenbaum, Ford, et al., 2011; Solum et al., 2020).


### **2.3 Styrkeutvikling og styrketrening hos barn og unge**

Frå eit helseperspektiv grunngir Helsedirektoratet (2019) råda om styrketrening for normal vekst og utvikling, og funksjon i kvardagen, leik og aktivitet. For prestasjon i idrett vil tilpassa styrketrening vere viktig for å effektivisere rørslemønster, og skape eit robust fundament for ein lang og krevjande idrettskarriere (Faigenbaum et al., 2016; Ford et al., 2011; Lloyd & Oliver, 2012; Murtagh et al., 2018; Myer, Faigenbaum, Chu, et al., 2011; Philippaerts et al., 2006).


### 2.3.1 Muskelmasse og styrkeutvikling i modningsprosessen

Muskelveksten knytt til modningsprosessen er nesten uavhengig av kjønn fram til puberteten, slik figur 5 illustrerer. Deretter har gutane vesentleg større muskelvekst, og dermed betre føresetnadar for kraftutvikling (Malina et al., 2004). Den største utviklinga på styrke og power ser ut til å ha ein samanheng med peak weight-velocity (PWV); den perioden kor vekta aukar mest (Malina et al., 2004; Philippaerts et al., 2006).

I eit systematisk review danna Tomkinson et al. (2018) normative verdiar for friske, europeiske skulebarn basert på ein mengde data frå Eurofit testbatteri. Jentenes 10ende, 50ende og 90ende persentil for stilleståande lenge og sit-ups, presentert i figur 6a-b, gir eit bilet på styrkeutviklinga for høvesvis eksplosiv styrke i underekstremitetane og abdominal styrke (Tomkinson et al., 2018). Stilleståande lengde aukar kraftig fram til omkring 10 år, kor grafen flatar ut for så å ha ein mindre gradvis auke ut i ungdomsåra (Tomkinson et al., 2018). Høgda til individet, og då spesielt lengda på beina, gir eit høgare tyngdepunktet som er fordelaktig i prestasjonen av hoppet (Benefice & Malina, 1996). Forbetring av testen for eit individ i vekstspurten kan dermed kome av endringane i kroppens proporsjonar (Veligekas et al., 2012). I tillegg speler motoriske ferdigheter og nevromuskulær status inn på prestasjonen (Benefice & Malina, 1996). Sit-ups presenterer kor mange repetisjonar individet klarar å gjennomføre i løpet av 30 sekunder, og syner å vere nokså jamn på tvers av alder (Tomkinson et al., 2018).



**Figur 5:** Forholdet mellom kronologisk alder og muskelmasse hos barn og unge (Malina et al., 2004, s. 150).



**Figur 6 a-b:** 10ende, 50ende og 90ende persentil av normative verdiar på jenter ut frå alder på stilstående (a) og 30 sekund sit-ups test (b) basert på Tomkinson et al. (2018) sin review..

### 2.3.2 Styrkeutvikling for barn og unge utover modningsprosessen

Styrketrening for barn og unge har vore eit omdiskutert tema. Men med god oppfølging på teknikk og prosesjon samt bevisstgjering kring risikoar med til styrketrening er det blitt forankra som både trygt og hensiktsmessig (Faigenbaum et al., 2016). Barn kan oppnå bortimot lik relativ styrkeutvikling som ungdommar og vaksne, men hos barn er denne endringa hovudsakleg knytt til kvalitative adaptasjonar (Behringer et al., 2011; Blimkie, 1992; Kraemer et al., 1989; Meen, 2000; Ramsay et al., 1990). Dei kvalitative endringar siktar til dei nevrale endringane som gir betre rekruttering av motoriske einingar, fyringsfrekvens og synkronisering av motoriske einingar samt endringar i eksistasjonskontraksjons koplinga (Behringer et al., 2011; Faigenbaum et al., 2016; Ramsay et al., 1990). Dei kvantitative endringane er muskelvekst som følge av fleire cellekjernar eller lengre muskulatur av fleire sarkomerar (Malina et al., 2004; Meen, 2000).

Barn og unge har størst effekt av å utvikle power (Cook, 2003; Lloyd & Oliver, 2012). Power vert forstått som emna ein har til å løfte ein gitt masse på kortast mulig tid (McArdle et al., 2015b). Plyometrisk trening er ein plass-, tids- og utstyrseffektiv treningsform som har vist god effekt på den eksplasive muskelstyrken (Bogdanis et al., 2019; Gehri et al., 1998; Ramírez-Campillo et al., 2014; Trajković & Bogataj, 2020). Plyometrisk trening er styrketrening som involverer raske øvingar som startar eksentrisk, og går direkte over i konsentrisk arbeid. Slik strekkes muskulaturen i forkant av den konsentriske fasen, som aukar muskelen si emne til å produsere kraft (McArdle et al., 2015b). Adams et al. (1992) hevdar at

tung knebøy kombinert med plyometrisk trening truleg har ein større effekt på eksplosiv styrke, samanlikna med metodane kvar for seg. Medan styrketreninga aukar styrken i den arbeidande muskulaturen, vil den plyometriske treninga utnytte styrken til å produsere eksplosiv kraft og gi meir funksjonelle ferdigheiter (Adams et al., 1992; Cook, 2003).

Plyometrisk trening, som hovudsakleg inneber øvingar med hopp, set krav til tilstrekkelig motorisk kompetanse for å utføre riktig teknikk. Det er derfor viktig at trenaren kjenner til utøvaren sitt motoriske utgangspunkt for passande øvingar og progresjon (Ramírez-Campillo et al., 2014).

Faktorar som speler inn på styrkeutvikling utover modningsprosessen, ser varigheten og intensitet ut til å vere ein sentral faktor for effekten av intervasjonen. Studiar med låg belasting og/eller kort varighet kan oppnå liten eller liten effekt (Faigenbaum et al., 2002; Kraemer et al., 1989; Malina et al., 2004; Naclerio & Faigenbaum, 2011). Ein anna sentral faktor er treningsalderen (McQuilliam et al., 2020; Myer et al., 2013). På lik linje med dei motoriske ferdigheitene har uerfarne eit større potensiale for forbetring av dei kvalitative endringane samt læringseffekt, medan erfarne har potensiale for effekt i kvantitative endringar som truleg er ein meir tidkrevjande prosess (Behm et al., 2017; Behringer et al., 2011; Meen, 2000).

### **2.3.3 Risiko ved styrketrening for barn og unge**

Å ha styrketrening i tillegg til den ordinære fotballtreninga bør vurderast nøye, då ytterlegare belasting kan verke stressande for utviklinga av rørsleapparatet (Lloyd & Oliver, 2012; Myer, Faigenbaum, Ford, et al., 2011). Styrketrening i seg sjølv er truleg lite risikabelt med tett oppfølging på teknikk og belasting, då belastinga i øvingane som regel er mindre enn idretten i seg sjølv gir (Myer et al., 2013). Det kan sjå ut til at barn og unge i vekstspurten er meir utsett for belastingsskader, overtrenings og «burnout» enn eldre utøvarar, blant anna fordi skjelettet ikkje er like robust. I tillegg deltar fleire på ulike aktiviteter og/eller lag (Brenner, 2007). For å sikre optimal utvikling må trenrar følge opp unge utøvarar på teknikk og tilpassa belastning og progresjon til kvar enkelt, og kjenne til symptom på overtrenings (Brenner, 2007; Lloyd et al., 2014; Myer, Faigenbaum, Ford, et al., 2011).

## 2.4 Retningsforandring


Agility er av Sheppard og Young (2006) beskrive som emna ein har til å raskt endre retning eller hurtighet, som respons av eit gitt stimuli. I fotball kan det til dømes vere ei fint for å kome seg forbi ein motspelar, eller eit løp for å nå ein ball. Denne definisjonen omtalar to hovudkomponentar for agility; den kognitive prosessen som involverer persepsjon av sanseinntrykka av stimulusen, samt den motoriske komponenten som utgjer den fysiske retningsforandringa (change of direction) deretter (Lloyd et al., 2013; Zemková & Hamar, 2018). Retningsforandring er blant prestasjonskomponentane som skil dei beste fotballspelarane frå dei nest beste (Reilly et al., 2000). Ettersom retningsforandring, som ein del av agility, er ein sentral prestasjonskomponent, bør treningane legge til rette for øvingar som optimaliserer emna til å bevege seg raskt (Bogdanis et al., 2019; Brughelli et al., 2008; Lloyd & Oliver, 2012; Ramírez-Campillo et al., 2014).

Teknikk, hurtighet, styrke i underekstremitetane og antropologiske mål er trekt fram som sentrale faktorar for å prestere i retningsforandring (Lloyd & Oliver, 2012; Lloyd et al., 2013; Sheppard & Young, 2006), men studiar viser til sprikande funn (Brughelli et al., 2008). Det er blitt antatt at styrke og power påverkar prestasjonen av retningsforandring, og har med det generert ei rekke studiar med ulike treningsprotokollar på trena og utrena individ (Brughelli et al., 2008). Intervasjonane har gitt progresjon i styrke, power og sprint, men har ikkje lukkast med å betre retningsforandringa (Brughelli et al., 2008; Sheppard & Young, 2006). Lloyd et al. (2013) hevdar likevel at det er ein samanheng mellom styrke og retningsforandring, og at ein kombinasjon av tekniske og fysiske øvingar vil kunne betre barns prestasjon i retningsforandring. I eit studie på gutter mellom 10-14 år fann Peñailillo et al. (2016) ein signifikant men liten korrelasjon ( $r=-0,29$ ;  $p<0,05$ ) mellom maksimal muskelstyrke og agility. Ein årsak til forskjellen i resultata, foreslår Peterson et al. (2006) kan kome av ein «terskel»; ved eit visst nivå av muskelstyrke vil ikkje betre muskelstyrke påverke power og eksplasive rørsler hos godt trena utøvarar. Hos kvinnelige studentar på college frå ulike idrettar (18-21 år) fann Peterson et al. (2006) ein korrelasjon på 0,41 ( $p<0,05$ ) mellom 1 RM knebøyg og agility hos jentene, medan CMJ og stilleståande lengde korrelerte høvesvis -0,71 ( $p<0,01$ ) og -0,79 ( $p<0,01$ ) med agility. Brughelli et al. (2008) fann ein større effekten på retningsforandring blant intervensionsstudia med horisontale og laterale hopp i sitt review, og spekulerer i om det plyometriske arbeidet i horisontale hopp liknar meir på rørsla i ei retningsforandring enn det plyometriske arbeidet i vertikale hopp gjør.

Fleire hevdar at det ikkje er ein samanheng mellom retningsforandring og sprint (Brughelli et al., 2008; Sheppard & Young, 2006). Likevel er det studiar som finn korrelasjonar. I Peterson et al. (2006) sitt studie viste korrelasjonsanalyesen -0,69 ( $p<0,01$ ) hos godt trenta jenter.

Retningsforandring har fleire fysiske og tekniske aspekt ved seg enn vanleg sprint, som stiller andre krav og dermed påverkar samanhengen med sprint og styrkeparameter hos mindre trenat individ (Brughelli et al., 2008; Sheppard & Young, 2006). Brughelli et al. (2008) etterlyser longitudinelle studiar på retningsforandring, som kan trekke fram kva faktorar og samanhengar som viser seg sentrale i utvikling over tid. Praktisk visar studiar til at spesifikke øvingar for retningsforandring gir den beste framgonga (Brughelli et al., 2008; Lloyd et al., 2013; Polman et al., 2004; Sheppard & Young, 2006), men at grunnleggande styrkeøvingar er viktig for å kome opp til «terskelen» (Peterson et al., 2006).

På lik linje med andre fysiske parameter har gutter og jenter relativt lik utvikling i retningsforandring fram til puberteten, kor jentene flatar ut medan gutane held fram med utviklinga (Tomkinson et al., 2018). Hos gutter er utviklinga av retningsforandring på det meste nokså samtidig som PHV rundt 13-14 år (Vänttinien et al., 2011), så langt eg veit er det ikkje gjort liknande studiar på jenter. Normative verdiar på ei rekke europeiske barn for agility shuttle run 10x5m i figur 7 antyder at den største utviklinga skjer fram til 11 år, før kurva flatar ut (Tomkinson et al., 2018). Nokre studiar hevdar at prestasjonen i retningsforandring heng saman med antropologiske mål, fordi utøvarar som er lengre og tyngre er sterkare og kan produsere meir power enn kva mindre og lettare utøvarar kan (Lloyd et al., 2013; Negra et al., 2017). Her er det og sprikande funn; Peñailillo et al. (2016) fann liten korrelasjon mellom tid på retningsforandring og høgde ( $r=-0,25$ ;  $p<0,05$ ), og vekt ( $r=-0,3$ ;  $p<0,01$ ) hos gutter 10-14 år.



**Figur7:** 10ende, 50ende og 90ende persentil av normative verdiar for jenter på agility shuttle run (10x5m) målt i sekund ut frå alder (år), basert på tal frå Tomkinson et al. (2018).

Lloyd et al. (2013) utvikla ein langsiktig modell for utvikling av agility for unge utøvarar. Som figur 8 viser er motoriske ferdigheiter, retningsforandring og reaktiv agilitytrening

representert i alle gruppene, men med ulike vektlegging. Hos dei minste er fundamentale rørslemønster vektlagt for å utvikle riktig mønster før dette vert tatt inn i idrettsspesifikke situasjoner, og då særleg stabilitet i hofte, kne og ankel. Hos dei eldre utøvarane er reaktiv agilitytrening representert i større grad, som vert forstått som det som tidligare vart beskrive som agility gitt av eit idrettsspesifikk stimuli som utøvaren responderer til (Lloyd et al., 2013; Sheppard & Young, 2006).

| Prepubertal  | Pubertal   | Postpubertal   |
|--|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• 60% FMS</li><li>• 25% RF</li><li>• 15% RAT</li></ul> <p><i>Låg</i></p> | <ul style="list-style-type: none"><li>• 30% FMS</li><li>• 40% RF</li><li>• 30% RAT</li></ul> <p><i>Moderat</i></p> | <ul style="list-style-type: none"><li>• 20% FMS</li><li>• 20% RF</li><li>• 60% RAT</li></ul> <p><i>Høg</i></p> |

**Figur 8:** Anbefaling for vektlegging av sentrale komponentar gitt ved prosentdel for agilitytrening hos prepubertale, pubertale og postpubertale barn. FMS= fundamentale rørslemønster; RF=retningsforandring; RAT=reakтив agilitytrening. Skrift i kursiv beskriv grad av strukturen på treninga. Oversatt frå Lloyd et al. (2013).

## **3.0 Metode**

### **3.1 Eksperimentell tilnærming til problemstillinga**

Formålet med studiet var å sjå kva effekt nevromuskulær trening som ein integrert del av fotballtreningsa har på grov- og idrettsspesifikk motorisk kompetanse, styrke og agility hos jenter. Intervensjonsstudien hadde ein kvantitativ, kvasi-eksperimentell tilnærming for å sjå kva effekt intervensionsgruppa hadde i forhold til kontrollgruppa. Det vil seie at resultata baserte seg på eit kvantitativ datamaterialet frå dei inkluderte testane, for å sjå kva effekt intervensionen hadde på intervensionsgruppa samanlikna med kontrollgruppa (O'Donoghue, 2013). Studiet varte frå oktober til desember 2020, kor intervensionsgruppa gjennomførte cirka 30 min med INT som ein del av den regelmessige fotballtreningsa 2 gonger i veka i 9 veker. Effekten av intervensionen blei evaluert med å samanlikne resultata frå pre- og test med resultata til kontrollgruppa. Pretest blei gjennomført ei veke før intervensionen start. Då fylte alle deltakarane ut spørjeskjema om sjølvrapportert antropometriske mål, alder, søskjen, treningsalder og pubertetsstadie. Posttest blei gjennomført ei veke etter enda intervasjon. Deltakarane måtte delta på begge testane, og intervensionsgruppa måtte ha minst 40% oppmøte på treningane for å bli inkludert i analysane.

### **3.2 Deltakarane**

Totalt 54 jenter deltok i studiet, av desse var 35 inkludert i analysane fordelt i intervensionsgruppa (n=17) og kontrollgruppa (n=18). Kontrollgruppa besto av to subgrupper (n=9+9). Av dei ekskluderte deltakarane var det 3 som hadde under 40% oppmøte i intervensionsgruppa, og 16 som berre deltok på éin av testane. Alle jentelag med aktive spelarar mellom 10-12 år med gang- og sykkelavstand til Kristiansand blei kontakta om å vere med i studien gjennom e-post og telefon. Laga måtte ha minst to treningar i veka for å bli inkludert i studien. Ut av dei laga som stilte seg positiv til å delta i studien, blei intervensionsgruppe (1 lag) og kontrollgruppe (2 lag) vald etter praktiske grunnar for å ha nok deltakarar i intervensionsgruppa.

### **3.3 Prosedyre**

Før pretest blei det halde eit informasjonsmøte for deltakarane, føresette og trenarane som deltok i studien. Her blei formålet, deira rolle og rettighetene dei hadde som deltakarar i studiet presentert. Det blei også høve til å stille spørsmål. Informasjonen om dette blei og gitt

i eit informasjonsbrev til føresette, deltararar i intervensionsgruppa og deltararar i kontrollgruppa (vedlegg 2). Føresette skreiv under på eit samtykkeskjema (vedlegg 3), og deltarane fekk utdelt spørjeskjema som dei leverte inn ved pretest/neste trening.

Ved pre- og posttest gjennomførte gruppene ein standard oppvarming på omtrent 10 min. På grunn av ei større gruppe blei intervensionsgruppa testa i to puljar, kor den den andre pulja kom når den første pulja var ferdig med alle testane. Etter oppvarminga blei dei delt inn i grupper på 2-3 og fordelt ut på 4 ulike stasjonar: 1) balansere bakover; 2) hink over hinder, innsideskot og vristskot; 3) hopp over list og sideflytting og 4) stilleståande lengde, sit-ups og counter movement jump. Stasjonane hadde ein fast rullering, og deltarane hadde lik rullering ved pre- og posttest så langt dette lot seg gjere. Etter at alle hadde fullført dei fire stasjonane gjennomførte deltarane dribleløypa før dei til slutt gjennomførte agility.

Deltarane blei bedd om å halde seg i lett aktivitet der det oppsto venting mellom testane for å unngå at dei blei kalde. Medan intervensionsgruppa gjennomførte intervensjonen haldt kontrollgruppa fram med vanlig fotballtrening, før begge gruppene blei testa på nytt ved posttest.

### **3.4 Målemetodar**

Alle testane blei utført av same testledar ved pre- og posttest, med unntak av å balansere bakover og hink over hinder på kontrollgruppene grunna metodiske feil ved pretest. Testane blei dermed gjort på nytt i ei vanlig trening, kor dei blei tatt ut av treninga gruppevis. Ved alle testane viste testleiar øvinga medan testen blei forklart, før deltarane fekk eitt prøveforsøk kvar.

#### **3.4.1 Spørjeskjema**

På informasjonsmøtet fekk deltarane utdelt eit spørjeskjema med spørsmål om høgde, vekt, søsken, eldre søsken, fotballerfaring, tidlegare aktivitetar og noverande aktivitet i andre aktivitetar. Skjemaet fylte dei ut individuelt heime, eller ved hjelp av andre etter eige ønske. Dei fekk og spørjeskjema for pubertetsstadie, kor dei kryssa av for det stadiet dei meinte dei var på ut frå beskrivande tekst og illustrasjonar. Spørjeskjemaet ligg som vedlegg 1. Dette skjemaet baserte seg på Tanner Stage of puberty for jenter, eit objektiv klassifiseringssystem for barn og unge i puberteten basert på brystvekst og kjønnshår (Gallahue et al., 2020).

**Tabell 1:** Beskrivelse av Tanner Stage hos jenter for bryst og kjønnshår, eit 5-stegs klassifiseringssystem for å kartlegge pubertetsstatus hos individet (Tanner, 1962 sitert i Gallahue et al., 2020, s. 311).

| Utvikling av bryster   | Utvikling av kjønnshår  |
|--|---|
| 1) Prepubertal; ikkje utvikling av bryster.                      | 1) Prepubertal; mangel på kjønnshår.                          |
| 2) Brystet bular noko ut.  | 2) Noko dunete hår hovudsakleg langs sida av kjønnsleppene.   |
| 3) Forstørring og heving av brystet og areola.                   | 3) Aukande mengde hår som mørkare, tjukkare og meir krøllete. |
| 4) Areola og brystvorta formar ein utbuling separat for brystet. | 4) Vaksne hår men med avgrensa område.                        |
| 5) Vaksne bryst: areola er i den same konturen som brystet.      | 5) Vaksne hår med ein horizontal grense ved den øvre grensa.  |

### 3.4.2 Grovmotorisk kompetanse

Körperkoordinationstest für Kinder er utvikla av Schilling og Kiphard (1974), og er ein standardisert test for grovmotoriske ferdigheiter på barn og unge mellom 5-15 år (Vandorpe et al., 2011). Manualen for testen er og presenter som vedlegg 4. Gjennom fire deltestar målar testen koordinative eigenskapar, kroppskontroll og generell koordinasjon (Vandendriessche et al., 2012). Forsøka eller repetisjonane deltakarane bruker for kvar test utgjer ein råverdi (RW). Råverdien gir ein motorisk kvotient (MQ) for kvar øving ut frå ein krysstabell som tar høgde for kjønn og alder. Summen av dei fire deltestane sin MQ utgjer total MQ, ein score på deltakaren sin generelle motoriske kompetanse.

#### Balansere bakover på plankar

Deltakaren balanserte bakover på 3 meter lange plankar med tre ulike breidder, høvesvis 6cm, 4.5cm og 3 cm, utan å røre ved golvet. Testen vart scora ved tal på skritt deltakaren tok bakover på dei ulike plankane, og ein starta å telle i det den andre foten forlata plattforma og rørte ved planken bak den første foten. Forsøket vart avslutta når deltakaren falt ned frå planken eller nådde enden. Deltakaren fekk tre forsøk per planke, med maksimalt 8 poeng per forsøk.

#### Hinke over hinder

Deltakaren hinka over eit hinder av skumgummiplater, både med venstre og høgre fot. Det måtte satsast, landast og hinkast to hink etter landinga på same fot for at forsøket skulle vere gyldig, og det blei gitt tre forsøk per fot per høgde. Høgda på hinderet auka med ei plate (5 cm) når deltakaren lykkast i å hinke over i løpet av dei tre forsøka. Misslukkast deltakaren

med å hinke over hinderet med den eine foten, haldt testen fram til deltagaren også misslukkast på den andre foten. Testen vart avslutta når deltagaren misslykkes med å hinke over den gitte høgda innan dei tre forsøka. Forsøket vart underkjend dersom deltagaren:

- 1) Rørte ved golvet med det andre beinet.
- 2) Rørte ved/velta skumgummiplatene.
- 3) Ikkje klarte 2 hink etter hoppet over hinderet.

Poeng for testen vart gitt for kvar høgde deltagaren lykkast i; første forsøk gav 3 poeng, andre forsøk 2 poeng og tredje forsøk 1 poeng. Deltakarar mellom 9-11 år starta med 5 skumgummiplater (25cm), medan 11-14 år starta med 7 skumgummiplater (35cm).

#### *Sidehopp med samla bein*

I denne testen hoppa deltagaren så mange hopp ho greidde over lista i midten innanfor ein teppebit (100x60cm), i 15 sekund i to omgangar. For at hoppet skulle telle måtte begge beina vere i bakken på riktig side av lista, og innanfor teppebiten.

#### *Flytte brett sidevegs*


I denne testen skulle deltagaren flytte to kvadratiske brett og seg sjølv sidelengs så fort ho klarte i løpet av 20 sekund i to omgangar. Begge omgangane blei gjort i same retning etter deltagarens eige val. Deltakaren starta med å stå på det eine brettet (brett A), medan det andre (brett B) låg ved sida. Når tida starta tråkka deltagaren over på brett B, for så å flytte brett A over på den andre sida av seg sjølv og brett B. Sidan tråkka ho over på brett A. Denne sekvensen haldt fram til tida gjekk ut. Scoren for testen vart gitt for kvar gong deltagaren flytta brettet, pluss kvar gong deltagaren flytta seg sjølv, innan dei 20 sekunda.

### **3.4.3 Idrettsspesifikk motorisk kompetanse**

Utvælet av øvingar for sports-spesifikk motorikk er basert på øvingar som er regna som sentrale for å prestere i fotball (Lloyd & Oliver, 2012). Dribleløypa er anbefalt av det finske fotballforbundet, og er nytta i fleire studiar kring tekniske ferdigheiter på barn (Vänttinien, 2013; Forsman, 2015).

### Dribleløype

Deltakaren blei instruert i å føre ballen gjennom løypa så fort som mulig (figur 9). Den første lengda (1) førte deltakaren ballen rett fram over til bortlengste kjegla, for så å vende rundt kjegla og drible mellom kjeglene tilbake (2). Deltakaren gjentok den same prosedyren ein gong til på den andre sida av kjeglene (3 og 4). Under føringa på vende 1 og 3 måtte deltakaren røre ved ballen minst 3 gonger før vendinga for at forsøket skulle bli godkjent. Tida vart tatt med ei stoppeklokke, frå deltakaren rørte ved ballen første gong til deltakaren hadde passert målstrekken og hadde kontroll på ballen. Deltakarane fekk to forsøk kvar, med 2-3 minutt pause mellom forsøka, kor det beste forsøket vart tatt med i vidare analysar.



**Figur 9:** Illustrasjon av dribleløypa (Forsman et al., 2016). 1=føre ballen ned ved siden av kjeglene (minst tre røringar ved ballen før vending), 2=drible tilbake gjennom kjeglene, 3=føre ballen opp på andre side av kjeglene (minst røringar ved ballen før vending), 4=drible tilbake gjennom kjeglene.

### Vrist- og innsideskot

Deltakaren sto ved ballen og blei først bedd om å skyte ballen så hardt som mulig med vrista inn i eit mål som sto 5 meter lengre framme, utan tilløp. Deltakaren skøytt med den dominante foten, og stamfoten var til ei kvar tid i ro i bakken. Deltakaren gjennomførte tre vristskot etter kvarandre. Deretter gjennomførte ho tre innsideskot med dei same instruksane. Hastigheten på skotet blei målt i km/t av ein radar som var plassert 0,8 meter bak målet. I testen sto trenaren ved siden for å kontrollere at skotet blei utført riktig.

### **3.4.4 Styrke**

Ulike hopptestar er brukt som indikatorar på individets muskulære koordinasjon og power (Malina et al., 2004). Feltbaserte testar er lette å administrere, krev relativt lite utstyr og er kostnads- og tidseffektive (Castro-Piñero et al., 2009).

#### *Stilleståande lengde*

Deltakaren sto bak startlinja, og fekk instruks om å hoppe så langt fram som mulig med samla bein utan tilløp. Distansen for hoppet blei målt med måleband fra startlinja og til den bakarste kroppsdel som var i bakken. Deltakaren fekk to forsøk, med omtrent eit minutt pause mellom kvart hopp, kor det beste resultatet blei ståande som resultat til analysane. Om deltakaren falt bakover på begge forsøk fekk deltakaren eit nytt forsøk.

#### *Counter movement jump (CMJ)*


Vertikale hopp er eit mål på hofte- og lårmuskulaturen si emne til å produsere power; større muskelkraft og kontraksjonshastigkeit vil generere meir kraft til eit høgare hopp (Adams et al., 1992). Deltakaren sto med utstrekte bein mellom måleplankane, med skulderbreidde avstand mellom beina og hendene på hoftene. Når deltakaren var klar utførte ho ein motbevegelse med å bøye knea til omtrent 90 grader i kneleddet, før deretter umiddelbart å strekke ut knea og hoppe så høgt som mulig. Knea måtte vere strake gjennom heile hoppet til deltakaren landa igjen for at forsøket skulle vere godkjent. Kvar deltakar fekk to godkjente forsøk kvar med omtrent eit minutt pause mellom kvart forsøk, kor det beste hoppet blei ståande til vidare analysar. Infrared optical contact mat (MuscleLab; Ergotest, Langesund, Norway) blei nytta i testane.

#### *Sit-up*

Deltakaren låg på rygg med omtrent 90 grader i kneleddet, fingrane fletta bak hovudet og overkroppen løfta slik at olbogane rørte ved kneet. Testleiar haldt beina til deltakaren nede i bakken medan deltakaren gjennomførte så mange godkjente sit-up ho greide i løpet av 20 sekund. Testleiar talde høgt for at deltakaren skulle vite om det var godkjent eller ikkje, og blei fortalt kva som gjorde repetisjonen underkjend om dette var tilfellet. For å få sit-upen godkjent måtte hendene vere bak hovudet gjennom heile repetisjonen, olbogen røre ved kneet i øvre stilling og begge skulderblada røre ved bakken ved nedre stilling.

### 3.4.5 Retningsforandring

Deltakaren starta 20cm bak startesensoren, og blei instruert i å spring gjennom løypa så fort som mulig (figur 10). Underveis ropte testleiar kor dei skulle springe. Kvar deltar fekk to forsøk kvar, med minst 3 minutt pause mellom kvart forsøk. Det beste resultatet blei ståande til vidare analysar. Tida vart målt med Wireless timing System (Brower Timing Systems, Draper, UT 84020 USA).



**Figur 10:** Illustrasjon av the Modified Illinois change of direction test. Dei blå pilene viser kor deltar skal springe, dei blå markørane markerer kjeglene som deltar skal runde (Hachana et al., 2014).

## 3.5 Intervasjon

Intervensjonsgruppa gjennomførte til saman 17 økter i løpet av 9 samanhengande veker som ein del av den regelmessige fotballtreningsa. Økta starta alltid med ein leik som deltarane var med å bestemme, så lenge aktivitetsnivået var høgt hos alle. Vidare følgde treningsprogrammet (Jungelturen) på 20-30 minutt og agility-øvingar på omrent 10 minutt enten etter kvarandre, eller parallelt organisert i mindre grupper på fleire stasjonar. I treningar kor gruppa blei organisert i mindre grupper, var det og ein stasjon med fotballtekniske øvingar i form av spel eller teknikk etter trenaren sitt ønske.

Treningsprogrammet blei kalla «jungelturen» (tabell 2), og var basert på Myer et al. (2008) sine øvingar og progresjon. Øvingane blei gjort om til progressive dyre rørsler som involverte store delar eller heile kroppen. Progresjonen som tabell 4 presenterer fungerte meir som ei vugleing og evaluering for gruppa i heilhet, då gruppa hadde eit svært varierande nivå. I alle øvingane var det nokon som låg framføre gruppa, medan andre haldt fram med progresjon 1 og 2 ut intervasjonen. Deltarane var organisert i ei rekke side ved side, og jobba frå eit merke til eit anna med omrent 10 meter avstand. Kvar øving blei gjennomført ein gong fram

og tilbake, i rekkefølga vist i tabell 3. Alle øvingane som blei gjort i stige blei gjort to gonger kor dei jogga rolig tilbake mellom lengdene. Vedlegg 5 forklarar progresjonen av øvingane, men. Øvingane for agility blei gjort med og utan ball i form av leik eller konkurranse, og blei som regel leda av ein hjelpetrenar med instrukser frå prosjektleiar. Meir detaljert beskriving av øvingane er presentert i vedlegg 5.

**Tabell 2:** Progresjon av intervasjonens øvingar frå veke til veke. Øvingar merka med «x» var ikkje progressive, øvingar merka med tal var det progresjonsnivået majoriteten var på ved oppgitt veke.

| Øvingar                  | Veke |   |   |   |   |      |      |      |      |
|--------------------------|------|---|---|---|---|------|------|------|------|
|                          | 1    | 2 | 3 | 4 | 5 | 6    | 7    | 8    | 9    |
| Andegang                 | x    | x | x | x | x | x    | x    | x    | x    |
| Listande krabbe          | x    | x | x | x | x | x    | x    | x*   | x*   |
| Springande krabbe        | x    | x | x | x | x | x    | x    | x*   | x*   |
| Påfugl                   | x    | x | x | x | x | x    | x    |      |      |
| Froskehopp               | x    | x | x | x | x | x    | x    | x    | x    |
| Edderkopp                | x    | x | x | x | x | x    | x    | x    | x    |
| Struts                   | x    | x | x | x | x |      |      |      |      |
| Gallopp                  |      |   |   |   |   | 1    | 2    | 2-3  | 2-3  |
| Frosk Stein til Stein    | 1    | 1 | 1 | 1 | 1 | 1-3* | 1-3* | 1-5* | 1-5* |
| Kenguru Stein til Stein  | 1    | 1 | 2 | 2 | 2 | 2-3* | 3*   | 3*   | 3*   |
| Løvegang                 |      |   |   |   |   | x    | x    | x    | x    |
| Løvinnegang              | x    | x | x | x | x | x    | x    | x    | x    |
| Løvestrekk               | 1    | 1 | 1 | 1 | 2 | 2    | 3    | -    | -    |
| Flamingo                 | 1    | 1 | 1 | 2 | 2 | 2    | 3    | 3    | 2    |
| Pass deg for krokodillen | x    | x | x | x | x | x*   | x*   | x*   | x*   |
| Elefantgange             | 1    | 1 | 2 | 2 | 2 | 2    | 2    | 3*   | 3*   |
| Hoppande elefant         | 1    | 1 | 2 | 2 | 2 | 2    | 2    | 3*   | 3*   |
| Larve                    | x    | x | x | x | x | x    | x    | x    | x    |
| Apegang                  | -    | - | 1 | 1 | x | x    | -    | -    | -    |
| Bille                    | 1    | 1 | 2 | 2 | 3 | 3    | 1-3  | 1    | 1    |
| Agility                  | 1    | 1 | 2 | 2 | 3 | 3    | 3    | 4    | 4    |

\*Øvinga blei gjennomført i stige.

### **3.6 Validitet og reliabilitet**

Testar forsøker å gi kvantitativ informasjon om deltakarane i dei komponentar teorien beskriv gjennom strukturert testing og registrering. Validitet for ein test uttrykker derfor gyldigheten og relevansen for problemstilling, medan reliabilitet uttrykker pålitelegheita etter kor nøyaktig datainnsamlinga er føretatt (Grønmo, 2020). Ein skil i hovudsak mellom intern eller ekstern validitet. Intern validitet vurderer kor vidt målemetoden er gyldig for utvalet og det fenomenet ein ønsker å seie noko om, og kor vidt ein har eliminert eller minimert bias knytt til resultatet. Ekstern validitet vurderer i kva grad resultata kan generaliserast, altså overførast til andre utval og situasjonar (O'Donoghue, 2013). 13 deltakarar i intervensionsgruppa gjennomførte testane 14 dagar før pretest for å analysere reliabiliteten til dei inkluderte testane (tabell 3). Variasjonskoeffisient (CV%) utgjer forholdet mellom gjennomsnittet og standardavviket, fortel noko om presisjonen til testen. God presisjon tyder på at resultatet gir lite tilfeldige feil. Intra-klasse korrelasjonen (ICC) vurderer stabiliteten til testen. Vurderinga av ICC vert gjort etter følgjande score: lågare enn 0,5 = svak; 0,5-0,75 = moderat; 0,75-0,9 = god; over 0,9 = fremragande (Koo & Li, 2016). Balansere bakover, skot og CMJ blei ikkje analysert for reliabilitet fordi testane følgde feil prosedyre ved første test.

**Tabell 3:** Intraklassekorrelasjon (ICC) med p-verdi og variasjonskoeffisient (CV%) for eit utval deltakarar.

| Test                    | ICC  | p-verdi | CV (%) |
|-------------------------|------|---------|--------|
| Hinke over hinder       | 0,82 | <0,01   | 16,25  |
| Sidehopp med samla bein | 0,71 | <0,01   | 9,26   |
| Flytte brett sidevegs   | 0,88 | <0,01   | 9,42   |
| Sit-up                  | 0,38 | 0,18    | 13,75  |
| Stilleståande lengde    | 0,82 | <0,01   | 5,99   |
| Dribleløype             | 0,86 | <0,01   | 13,01  |
| Agility                 | 0,58 | 0,02    | 6,51   |

### **3.7 Etiske retningslinjer**

Prosjektet vart godkjend av Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste (NSD)(vedlegg 7) samt Fakultetet sin etiske komité (FEK)(vedlegg 8), og all data vart behandla etter Helsinki-deklarasjonen (Helsinkideklarasjonen, 2018). Føresette for deltakarane i studien gav skriftleg samtykke for at barna kunne vere med (vedlegg 3), men at dei når som helst kan trekke seg ut om dei skulle ønske det utan konsekvensar.

### **3.8 Statistiske analysar**

Statistical Package for the Social Sciences (SPSS, versjon 25) og Microsoft Excel for Mac versjon (16.49) blei brukt til statistiske analysar. Problemstilling og dataens karakteristika var styrande for kva for val av statistiske analysar. Deskriptive data er presentert som gjennomsnitt og standardavvik for kontinuerlig data, eller frekvens eller prosentdel av gruppa i kategoriske data. Alphanivået blei satt til 0,05 for statistisk signifikans. Det blei gjort *uavhengig t-testar* eller *Mann-Whitney U* på forskjellar mellom gruppene. *One-way ANOVA* med *Post Hoc Tukey-justering* blei brukt for tre-gruppесamanlikninga når kontrollgruppa var inndelt i subgruppene. analyse av tre grupper. *Avhengig t-test* eller *Wilcoxon* blei brukt for å analysere endring mellom pre- og posttest innan i kvar gruppe. Ved signifikant *Levene's Test of Equality* blei signifikansnivået for forskjellen mellom gruppene lest av for *equal variances not assumed* på avhengig og u-avhengig t-test. *Lineær regresjonsanalyse* blei brukt for å undersøke samanhengar mellom variablar. Intraklassekorrelasjonen analysert i SPSS og variasjonskoeffisienten regna ut i Excel blei brukt for å analysere reliabilitet. Boxplots for endring blei laga i SPSS og linjigram i Excel.

### **3.9 Operasjonelle definisjonar**

Teorikapittelet tar føre seg definisjonar av omgrepa knytt til problemstillinga av dette prosjektet. For å kunne måle dei inkluderte parameterar empirisk, er ein avhengig av å sette nokre operasjonelle definisjonar. For vidare analysar og diskusjonar vert dei operasjonelle definisjonane formulert som følgjer:

*Grovmotorisk kompetanse*: bestemt ut frå MQ score i KTK-testane.

*Idrettsspesifikk motorisk kompetanse*: bestemt ut frå resultat på testane for skot og dribling.

*Styrke*: bestemt ut frå resultat på testane for stilleståande lengde, CMJ og sit-ups.

*Retningsforandring*: bestemt ut frå resultat på testen for retningsforandring.

*Motorisk utvikling*: bestemt ut frå auke eller nedgang i testane for grovmotorise- og idrettsspesifikk motorisk kompetanse på individ- og gruppenivå.

## **4.0 Resultat**

Intervensjonsgruppa hadde  $78,1 \pm 15,7\%$  i oppmøte. Deltakarane sin karakteristika er presentert i tabell 4, kor kontrollgruppa er signifikant eldre enn intervensionsgruppa ( $p<0,01$ ). Kontrollgruppa består av to subgrupper, kor subgruppe 2 er to år eldre enn intervensionsgruppa og subgruppe 1. Subgruppene i kontrollgruppa er også presentert kvar for seg i vedlegg 6. Tabell 5 viser resultata for pretest, posttest og absolutt endring for intervensionsgruppa og kontrollgruppa. Kontrollgruppa presterte betre på balanse bakover (MQ), hink over hinder (MQ), innsideskot, dribleløypa, stilleståande lengde og retningsforandring ( $p<0,05$ ). Ingen deltagarar blei klassifisert som kategori 1 «ikkje mulig». I intervensionsgruppa blei 1 deltagar kategorisert som kategori 2 «alvorlig motorisk liding»; 1 deltagar som kategori 3 «moderat motorisk liding»; 13 som kategori 4 «normal» og 1 deltagar som kategori 5 «god» ved pretest. Ved posttest var ingen kategorisert som «alvorlig motorisk liding»; 3 som «moderat motorisk liding»; 12 som «normal» og ingen som «god». I kontrollgruppa blei 0 deltagar kategorisert som kategori 2 «alvorlig motorisk liding»; 2 deltagar som kategori 3 «moderat motorisk liding»; 14 som kategori 4 «normal» og 0 deltagar som kategori 5 «god» ved pretest. Ved posttest var ingen kategorisert som «alvorlig motorisk liding»; 2 som «moderat motorisk liding»; 13 som «normal» og ein deltagar som «god». Det var ingen forskjell mellom intervensionsgruppa og kontrollgruppa ved pre- eller posttest, og ingen forskjell i endring mellom gruppene frå baseline.

**Tabell 4:** Deltakarane sin karakteristika ved pretest presentert for høvesvis intervensionsgruppa (n=17) og kontrollgruppa (n=18) med gjennomsnitt  $\pm$  STD for alder (år), høgde (m), vekt (kg), fotballerfaring (år) og pubertetsstadie. Tanner's Stage of puberty er og presentert med kor stor del (%) av deltakarane som fall innanfor kvart stadiet i gruppa. Forskjell mellom gruppene ved pretest er presentert med p-verdi.

|                              | Intervensjonsgruppe (n=17) | Kontrollgruppe (n=18)   | p-verdi<br>intervasjon<br>vs kontroll<br>pretest |
|------------------------------|----------------------------|---|--|
| Alder (år)                   | $10,4 \pm 0,3$             | $11,4 \pm 1,2$<br>Sub 1: $10,3 \pm 0,3$<br>Sub 2: $12,5 \pm 0,3$        | <0,01*   |
| Høgde (m)                    | $1,46 \pm 0,1$ (n=15)      | $1,50 \pm 0,1$<br>Sub 1: $1,43 \pm 0,1$<br>Sub 2: $1,58 \pm 0,1$        | 0,11   |
| Vekt (kg)                    | $37,1 \pm 6,1$ (n=16)      | $40,2 \pm 8,2$ (n=16)<br>Sub 1: $35,3 \pm 4,8$<br>Sub 2: $45,1 \pm 8,1$ | 0,23   |
| Tanner's stage of<br>puberty | $1,53 \pm 0,6$             | $1,94 \pm 0,9$<br>Sub 1: $1,3 \pm 0,5$<br>Sub 2: $2,6 \pm 0,9$          | 0,19   |
| Stadie 1 (%)                 | 52,9%                      | 38,9%<br>Sub 1: 66,7%<br>Sub 2: 11,1%                                   | 0,41   |
| Stadie 2 (%)                 | 41,2%                      | 33,3%<br>Sub 1: 33,3%<br>Sub 2: 33,3%                                   | 0,64   |
| Stadie 3 (%)                 | 5,9%                       | 22,2%<br>Sub 1: 0%<br>Sub 2: 44,4%                                      | 0,17   |
| Stadie 4 (%)                 | 0%                         | 5,6%<br>Sub 1: 0%<br>Sub 2: 11,1%                                       | 0,33   |
| Fotballerfaring (år)         | $3,2 \pm 1,4$              | $4,2 \pm 1,8$<br>Sub 1: $4,0 \pm 1,0$<br>Sub 2: $4,5 \pm 2,4$           | 0,08   |

\* viser til signifikant ( $p<0,05$ ) forskjell i differanse mellom grupper.

**Tabell 5:** Gjennomsnitt  $\pm$  standardavvik for pre- og posttest, samt absolutt endring og signifikansnivå mellom testene for intervensionsgruppa og kontrollgruppa i balansere bakover (MQ), hink over hinder (MQ), sidehopp (MQ), sideflytting (MQ), total (MQ), vristskot (km/t), innsideskot (km/t), dribleløype (s), sit-up (n), CMJ (cm), stillestående lengde (m) og retningsforandring (s). P-verdien presenterer forskjellen mellom gruppene ved pretest, samt forskjell mellom gruppene i endring fra baseline.

| Test                        | Gruppe | Pretest          | Posttest         | Differanse      | p-verdi           | p-verdi kontroll vs intervasjon |
|-----------------------------|--------|------------------|------------------|-----------------|-------------------|---------------------------------|
| Balansere bakover<br>(MQ)   | Int    | 98,6 $\pm$ 12,1  | 97,2 $\pm$ 12,7  | -1,4 $\pm$ 10,8 | 0,62              | Pretest: 0,01*                  |
|                             | Kon    | 109,8 $\pm$ 10,6 | 109,3 $\pm$ 11,6 | -0,2 $\pm$ 9,1  | 0,94              | Endring: 0,74                   |
| Hink over hinder<br>(MQ)    | Int    | 65,2 $\pm$ 13,3  | 66,1 $\pm$ 10,5  | 0,82 $\pm$ 9,5  | 0,73              | Pretest: 0,03*                  |
|                             | Kon    | 56,0 $\pm$ 9,6   | 58,6 $\pm$ 11,2  | 2,8 $\pm$ 4,6   | 0,03 <sup>#</sup> | Endring: 0,45                   |
| Sidehopp (MQ)               | Int    | 114,5 $\pm$ 12,6 | 117,4 $\pm$ 11,1 | 2,8 $\pm$ 8,2   | 0,18              | Pretest: 0,87                   |
|                             | Kon    | 113,8 $\pm$ 12,4 | 117,4 $\pm$ 11,1 | 9,8 $\pm$ 13,3  | 0,01 <sup>#</sup> | Endring: 0,07                   |
| Sideflytting<br>(MQ)        | Int    | 109,1 $\pm$ 16,9 | 105,9 $\pm$ 17,5 | -3,1 $\pm$ 17,0 | 0,46              | Pretest: 0,41                   |
|                             | Kon    | 104,8 $\pm$ 13,5 | 107,6 $\pm$ 16,1 | 2,8 $\pm$ 18,1  | 0,52              | Endring: 0,33                   |
| Total (MQ)                  | Int    | 95,3 $\pm$ 14,0  | 92,9 $\pm$ 8,9   | -2,3 $\pm$ 12,1 | 0,47              | Pretest: 0,94                   |
|                             | Kon    | 96,0 $\pm$ 9,4   | 99,3 $\pm$ 11,3  | 3,3 $\pm$ 8,0   | 0,47              | Endring: 0,15                   |
| Vristskot (km/t)            | Int    | 36,3 $\pm$ 7,9   | 33,5 $\pm$ 4,5   | -2,8 $\pm$ 6,6  | 0,10              | Pretest: 0,17                   |
|                             | Kon    | 40,2 $\pm$ 8,6   | 42,6 $\pm$ 5,4   | 2,3 $\pm$ 6,8   | 0,11              | Endring: 0,03*                  |
| Innsideskot (km/t)          | Int    | 37,3 $\pm$ 7,4   | 34,2 $\pm$ 5,3   | -3,1 $\pm$ 6,8  | 0,08              | Pretest: 0,01*                  |
|                             | Kon    | 44,6 $\pm$ 7,2   | 44,6 $\pm$ 5,2   | 0,0 $\pm$ 4,4   | 0,08              | Endring: 0,13                   |
| Dribleløype (s)             | Int    | 45,9 $\pm$ 9,1   | 42,6 $\pm$ 6,2   | -3,3 $\pm$ 5,3  | 0,03 <sup>#</sup> | Pretest: 0,03*                  |
|                             | Kon    | 40,0 $\pm$ 6,1   | 36,9 $\pm$ 4,8   | 3,0 $\pm$ 4,1   | 0,02 <sup>#</sup> | Endring: 0,89                   |
| Sit-up (n)                  | Int    | 11,9 $\pm$ 2,4   | 12,6 $\pm$ 2,1   | 0,7 $\pm$ 1,9   | 0,01 <sup>#</sup> | Pretest: 0,52                   |
|                             | Kon    | 12,4 $\pm$ 2,2   | 13,1 $\pm$ 3,3   | 0,7 $\pm$ 1,5   | 0,17              | Endring: 0,97                   |
| CMJ (cm)                    | Int    | 18,8 $\pm$ 4,5   | 18,3 $\pm$ 3,2   | -0,5 $\pm$ 2,9  | 0,50              | Pretest: 0,11                   |
|                             | Kon    | 21,2 $\pm$ 4,1   | 20,5 $\pm$ 4,1   | -0,8 $\pm$ 1,7  | 0,50              | Endring: 0,74                   |
| Stillestående lengde<br>(m) | Int    | 1,43 $\pm$ 0,2   | 1,42 $\pm$ 0,2   | -0,01 $\pm$ 0,2 | 0,86              | Pretest: 0,01*                  |
|                             | Kon    | 1,6 $\pm$ 0,2    | 1,6 $\pm$ 0,2    | -0,0 $\pm$ 0,1  | 0,86              | Endring: 0,79                   |
| Retningsforandring<br>(s)   | Int    | 12,6 $\pm$ 0,9   | 12,9 $\pm$ 0,8   | 0,3 $\pm$ 1,0   | 0,26              | Pretest: 0,03*                  |
|                             | Kon    | 12,0 $\pm$ 0,8   | 11,6 $\pm$ 0,8   | -0,3 $\pm$ 0,6  | 0,01 <sup>#</sup> | Endring: 0,02*                  |

CMJ=Countermovement jump


\* viser til signifikant ( $p < 0,05$ ) forskjell i differanse mellom grupper.

# viser til signifikant ( $p < 0,05$ ) endring i differanse fra pre- til posttest.


#### **4.1 Grovmotorisk kompetanse**

Endring (%) i grovmotorisk kompetanse frå baseline er presentert i figur 11a-e. Det var ingen forskjell på endringa mellom gruppene i KTK total (MQ) (figur 9e; p=0,15). Det var heller ingen forskjell mellom pre- og posttest i den totale grovmotorisk kompetansen hos intervensionsgruppa (p=0,47) eller kontrollgruppa (p=0,47). Oppmøte hadde ingen samanheng med endring (MQ) i grovmotorisk kompetanse i intervensionsgruppa ( $r^2=0,00$ ,  $p=0,96$ ,  $y=-0,01+0,21x$ ), men analysen viste ein deltakar som skilte seg tydelig ut. Med å ekskludere denne deltakaren frå analysen var det ein tendens til ein samanheng mellom oppmøte og endring i total grovmotorisk kompetanse (MQ) ( $r^2=0,226$ ;  $p=0,09$ ,  $y=0,325+0,17*x$ ). KTK total MQ for pretesten var ein signifikant ( $p<0,01$ ) faktor som forklarte 64,1% av variasjonen i endring (%) i intervensionsgruppa, kor deltakarar med låg MQ hadde større endring ( $y=67,4-0,72x$ ). Samanhengen mellom KTK total scoren ved pretest og endring (%) var ikkje signifikant i kontrollgruppa (p=0,45).

Det var ingen forskjell på endringa mellom gruppene i nokre av deltestane i KTK (MQ) (figur 11a-d). Intervensionsgruppa hadde ingen endring i nokre av deltestane til KTK-testen. Kontrollgruppa hadde signifikant forbetring i MQ i både hink over hinder ( $2,8 \pm 4,6$ ,  $p=0,03$ ) og sidehopp ( $9,8 \pm 13,3$ ,  $p=0,01$ ). I sidehopp var det og ein sterk tendens til forskjell i differansen mellom gruppene ( $p=0,07$ ). Endringane i deltestane frå baseline er og presentert i linjegram nedanfor, kor kvar linje representerer ein deltakar i høvesvis intervensionsgruppa og kontrollgruppa (figur 12a-b og figur 13a-b).




**Figur 11a-e:** Endring (%) i motorisk kvotient (MQ) fra baseline i Körperkoordinationstest für Kinder (KTK) for intervensionsgruppa og kontrollgruppa i balansere bakover (a), hink over hinder (b), sideforflytning (c), sidehopp (d) og total (e). Den tjukke linja i midten representerer medianen i gruppa, topp og botn av boksen presenterer første og tredje kvartil og barane representerer den største og minste verdien.



**Figur 12a-b:** Endring i motorisk kvotient (MQ) frå baseline i Körperkoordinationstest für Kinder (KTK) i balansere bakover (a) og hink over hinder (b). Heil linje representerer deltakarane i intervensionsgruppa, medan dei stipla linjene representerer deltakarane i kontrollgruppa. Rød viser den gjennomsnittlige endringa for gruppa.

## 4.2 Idrettsspesifikk motorisk kompetanse




**Figur 5a-c:** Endring (%) i idrettsspesifikk motorisk kompetanse frå baseline for intervensionsgruppa og kontrollgruppa i hastighet i vristskot (a) og innsideseskot (b), og sekund i dribleløypa (c). Den tjukke linja i midten representerer medianen i gruppa, topp og botn av boksen presenterer første og tredje kvartil og barane representerer den største og minste verdien.

Endring (%) i idrettsspesifikk motorisk kompetanse frå baseline er presentert i figur 14a-c). Kontrollgruppa hadde signifikant ( $p=0,03$ ) betre framgang i vristskot samanlikna med intervensionsgruppa, men ikkje på innsideseskot ( $p=0,09$ ). Intervensjonsgruppa hadde ein tendens til reduksjon i hastighet på ballen i både vristskot ( $-2,8 \pm 6,6\%$ ,  $p=0,10$ ) og innsideseskot ( $-3,1 \pm 6,8\%$ ,  $p=0,08$ ). Kontrollgruppa hadde derimot ein tendens til auke i begge skota, høvesvis  $2,3 \pm 6,8$  ( $p=0,11$ ) og  $0,0 \pm 4,4$  ( $p=0,08$ ).

Det var ingen forskjell mellom gruppene i dribleløypa ( $p=0,89$ ). Intervensjonsgruppa og kontrollgruppa hadde signifikant reduksjon i tid mellom pre- og posttest, høvesvis 7,2% ( $p=0,03$ ) og 7,5% ( $p=0,02$ ) i gjennomsnitt.

### 4.3 Styrke




**Figur 6a-c:** Endring (%) i styrke fra baseline for intervensionsgruppa og kontrollgruppa i Countermovement jump (CMJ)(a), stilstående lengde (b) og sit-up (c). Den tjukke linja i midten representerer medianen i gruppa, topp og botn av boksen presenterer første og tredje kvartil og barane representerer den største og minste verdien.

Endring (%) i styrke frå baseline er presentert i figur 15a-c. Det var ingen forskjell mellom gruppene i sit-ups, CMJ eller stilleståande lengde. Intervensjonsgruppa hadde signifikant framgang i sit-ups ( $0,8 \pm 1,9\%$ ,  $p=0,01$ ), medan kontrollgruppa ikke hadde framgang ( $0,7 \pm 1,5\%$ ,  $p=0,17$ ).

#### 4.4 Retningsforandring

Endring (%) i retningsforandring er presentert i figur 16. Det var ein signifikant forskjell mellom gruppene i agility ( $p=0,01$ ). Intervensjonsgruppa viste ingen forskjell i agility mellom pre- og posttest ( $p=0,26$ ), medan kontrollgruppa hadde signifikant reduksjon i tid (-



**Figur 7:** Endring (%) i retningsforandring frå baseline for intervensionsgruppa og kontrollgruppa. Den tjukke linja i midten representerer medianen i gruppa, topp og botn av boksen presenterer første og tredje kvartil og barane representerer den største og minste verdien.  
 $0,3 \pm 0,6\%$ ,  $p=0,01$ ).

## 4.5 Samanhengar med endringar

**Tabell 6:** Samanhengen mellom endring (avhengig variabel) og resultat ved pretest (uavhengig variabel) i balansere bakover (MQ), hink over hinder (MQ), sidehopp (MQ), sideflytting (MQ), total (MQ), vristskot (km/t), innsideskot (km/t), dribleløype (s), sit-up (n), CMJ (cm), stilleståande lengde (m) og retningsforandring (s). Forklart med variansen i endringa ( $R^2$ ), konstantledd (B), stigningstal, 95% konfidensintervall og signifikansnivå (p-verdi).

| Test                      | Gruppe | $R^2$ | Beta   | Stigningstal | 95% konfidensintervall |       | p-verdi |
|---------------------------|--------|-------|--------|--------------|------------------------|-------|---------|
|                           |        |       |        |              | Øvre                   | Nedre |         |
| KTK balanse (MQ)          | Int    | 17,6% | 38,93  | -0,40        | -0,90                  | 0,10  | 0,11    |
|                           | Kon    | 8,7%  | 25,14  | -0,23        | -0,65                  | 0,20  | 0,27    |
| KTK hink over hinder (MQ) | Int    | 31,5% | 41,85  | -0,60        | -1,08                  | -0,11 | 0,02*   |
|                           | Kon    | 2,0%  | -1,54  | 0,11         | -0,34                  | 0,57  | 0,60    |
| KTK sidehopp (MQ)         | Int    | 24,2% | 36,77  | -0,30        | -0,59                  | -0,01 | 0,045*  |
|                           | Kon    | 33,7% | 75,64  | -0,58        | -1,02                  | -0,15 | 0,01*   |
| KTK sideflytting (MQ)     | Int    | 28,2% | 61,21  | -0,58        | -1,08                  | -0,07 | 0,03*   |
|                           | Kon    | 24,9% | 73,40  | -0,67        | -1,28                  | -0,05 | 0,04*   |
| KTK total (MQ)            | Int    | 64,1% | 67,35  | -0,72        | -1,04                  | -0,40 | <0,01*  |
|                           | Kon    | 4,2%  | 20,93  | -0,18        | -0,68                  | 0,32  | 0,45    |
| Vristskot (km/t)          | Int    | 58,7% | 60,59  | -1,80        | -2,63                  | -0,97 | <0,01*  |
|                           | Kon    | 56,8% | 79,55  | -1,76        | -2,57                  | -0,94 | <0,01*  |
| Innsideskot (km/t)        | Int    | 40,1% | 41,98  | -1,30        | -2,17                  | -0,43 | <0,01*  |
|                           | Kon    | 55,5% | 47,31  | -1,04        | -1,53                  | -0,54 | <0,01*  |
| Dribleløype (s)           | Int    | 44,1% | 30,60  | -0,79        | -1,28                  | -0,30 | <0,01*  |
|                           | Kon    | 30,5% | 26,72  | -0,84        | -1,51                  | -0,17 | 0,02*   |
| CMJ (cm)                  | Int    | 47,0% | 48,11  | -2,56        | -4,13                  | -1,00 | <0,01*  |
|                           | Kon    | 7%    | 0,47   | -0,18        | -1,37                  | 1,00  | 0,75    |
| Stilleståande lengde (m)  | Int    | 22,9% | 44,51  | -31,10       | -62,48                 | 0,30  | 0,05*   |
|                           | Kon    | 0%    | -0,99  | -0,08        | -15,15                 | 15,00 | 0,99    |
| Sit-up (n)                | Int    | 55,2% | 83,23  | -6,29        | -9,40                  | -3,17 | <0,01*  |
|                           | Kon    | 33,5% | -42,42 | 3,7          | 0,94                   | 6,51  | 0,01*   |
| Retningsforandring (s)    | Int    | 37,0% | 72,99  | -5,58        | -9,58                  | -1,58 | 0,01*   |
|                           | Kon    | 7,2%  | 16,37  | -1,62        | -4,71                  | 1,47  | 0,28    |

CMJ=Countermovement jump

\* viser til signifikant ( $p<0,05$ ) samanheng mellom endring og resultat ved pretest.

Regresjonsanalysen viser samanhengane mellom endring og resultat ved pretest for kvar enkelt test for intervensionsgruppa og kontrollgruppa kvar for seg (tabell 6).

Intervensionsgruppa har ein negativ signifikant ( $p<0,05$ ) samanheng i alle testane, med unntak av KTK balanse og stilleståande lengde. Dette indikerer at dei som hadde eit svakare utgangspunkt, hadde større effekt av intervensionen. Kontrollgruppa hadde ein negativ signifikant ( $p<0,05$ ) samanhengen i KTK sidehopp, KTK sideflytting, vristskot og innsideskot og dribleløypa. I sit-ups var samanhengen positiv signifikant ( $p=0,01$ ), som indikerer at dei som presterte betre ved pretest, presterete endå betre ved posttest.

## **5.0 Drøfting**

Dette nevromuskulære treningsprogrammet hadde ingen effekt på grov- og idrettsspesifikk motorisk kompetanse samanlikna med kontrollgruppa, men kontrollgruppa viste signifikant betre framgang i vristskot samanlikna med intervensionsgruppa. Intervensionsgruppa hadde utvikling i dribbling frå baseline, medan kontrollgruppa viste framgang i hink over hinder, sidehopp og dribbling. Intervasjonen hadde heller ikkje effekt på styrkeparameterane samanlikna med kontrollgruppa, men intervensionsgruppa viste signifikant framgang i sit-up frå baseline. Kontrollgruppa viste signifikant betre framgang i retningsforandring samanlikna med intervensionsgruppa, og hadde ein signifikant framgang frå baseline. Intervensionsgruppa hadde ikkje framgang i retningsforandring frå baseline.

Vidare viste analysane at resultatet ved pretest hadde ein signifikant negativ samanheng med endring på fleire av testane i intervensionsgruppa enn i kontrollgruppa. Dette kan tyde på at intervasjonen hadde størst effekt på dei som hadde dårligast utgangspunktet ved baseline. Det oppsto ingen skader som følgjer av intervasjonen hos intervensionsgruppa, noko som kan tyde på at INT er ein trygg treningsmetode for barn.

### **5.1. Grovmotorisk kompetanse**

Den grovmotoriske kompetansen utgjer sjølve fundamentet i å opparbeiding eller vedlikehalde funksjonelle rørsler, enten til kvardagslege gjeremål eller idrettsspesifikk prestasjon (Cook, 2003; Gallahue et al., 2020; Helsedirektoratet, 2019). Som ein holistisk og funksjonell treningsmetode kan det tenkast at INT egner seg til utvikling av den grovmotoriske kompetansen (Cook, 2003; Myer, Faigenbaum, Chu, et al., 2011; Panagoulis et al., 2020). Likevel hadde intervensionsgruppa ingen framgang som følger av intervasjonen i grovmotorisk kompetanse, verken totalt eller på nokre av deltestane.

Det blei funne eitt tidligare studie som målte effekten av INT på grovmotorisk kompetanse med KTK-testen. Trajković og Bogataj (2020) viste til ein signifikant forbetring på den totale motoriske kvotienten etter 10 veker INT samanlikna med kontrollgruppa (13,9% vs. 4% endring) på 11 år gamle kvinnelige volleyballspelarar. Også denne intervasjonen utgjorde 30 min av den ordinære treninga, to gonger i veka. Ein vesentleg skilnad frå gjeldande studie, er at intervasjonen til Trajković og Bogataj (2020) hadde 10 øvingar med fleire repetisjonar

og sett, til skilnad frå eitt sett med 17-20 øvingar. For det første er det lettare for instruktøren å følge opp deltakarane på riktig utføring, då det er fleire repetisjonar å vugleie kvar enkelt på. Samtidig er det lettare for utøvaren å hugse dei ulike øvingane, slik at ho etter kvart kjenner til kva som kjenneteiknar eit godt rørslemønster. Truleg vil det då vere lettare å oppretthalde konsentrasjonen, samt forstå og rette seg etter dei tilbakemeldingane som vert gitt. For det andre kan det tenkast at intervensionar med fleire repetisjonar har større effekt på kvantitative og kvalitative endringar som effektiviserer nervesignalene (Birch, 2016; Holck, 2020; Jansen & Glover, 2020; Ploughman, 2008). Ettersom det ikkje er gjort målingar på dette, er dette berre spekulasjonar. Fleire repetisjonar belyser òg eit tredje argument kring testens karakteristika. Ettersom to av deltestane i KTK-testen baserer seg på hyppige repetisjonar av ei øving, vil intervensionar med fleire repetisjonar gi større utslag ved bruk av denne testen (Sañudo et al., 2019). At intervensionsgruppa til Trajković og Bogataj (2020) hadde størst framgang på sidehopp og sideflytting, medan intervensionsgruppa i gjeldande studie ikkje viste endring kan vere ei stadfesting av dette.

Individuelle og miljømessige faktorar utgjer rammeverket for timeglaspyramiden, og påverkar framgangen i motorisk utvikling (Gallahue et al., 2020). Som følgjer av modningsprosessen endres kroppens tyngdepunkt og proporsjonar, med den konsekvensen av at nokre jenter opplever ei stagnering og/eller reduksjon i styrke, stabilitet og kontroll (Birch, 2016; Hirtz & Starosta, 2003; Malina et al., 2004; Myer et al., 2008; Tomkinson et al., 2018). På den andre sida kan andre deltakarar vere i «den motoriske gullalderen», og ha stor effekt av INT (Birch, 2016; Knudsen, 2004). Ein anna individuell faktor er treningsalderen, og korleis denne påverkar effekten av ein INT. Sett opp mot normative verdiar på portugisiske jenter hadde intervensionsgruppa eit relativt høgt utgangspunkt ved pretest, som tilsvara 90ende persentil i sidehopp og sideflytting, 50ende persentil i balanse og 25ende persentil i hink over hinder. Ettersom litteraturen tyder på at barn med lågare motorisk kompetanse har større potensiale for framgang (Behringer et al., 2011; Hands, 2008), kan ein derfor spekulere i om øvingar som var retta mot å betre balanse og hink over hinder hadde gitt annleis resultat av effekten på grovmotorisk kompetanse målt med KTK-testen. Vidare påverkar desse individuelle forskjellane kor vidt eit individ er mottakeleg for utvikling av motorisk kompetanse etter kor dei er i utviklinga. Då intervensionen berre varte i 10 veker, kan perioden potensielt vere i ein periode kor enkelte deltakarar har meir enn nok med å oppretthalde stabilitet og kontroll som følge av modningsprosessen.

Eit interessant funn i analysane var at det i større grad var ein negativ samanheng mellom endring og pretest ( $p<0,01$ ) for total MQ, og forklarte heile 64% av variasjonen i endringa. Denne samanhengen var ikkje i kontrollgruppa ( $p<0,45$ ). Samanhengen predikerer at treningsmetoden har størst effekt på deltakarar med eit dårlagare utgangspunkt. Desse funna samsvarar med teorien om at barn med lågare motorisk kompetanse har betre effekt av nevromuskulær trening, samanlikna med jann aldrande med høg motorisk kompetanse (Behringer et al., 2011; Hands, 2008; Myer et al., 2013; Stodden et al., 2008). Grunnen til samanhengen kan kome av at kroppsvektøvingane som er brukt i denne intervensjonen ikkje har høg nok belasting til å gi ein effekt på deltakarane med høg motorisk kompetanse (Behringer et al., 2011; Myer et al., 2013). I og med at intervensjonsgruppa hadde eit nokså godt utgangspunkt som gruppe ved pretest, så var ikkje endringane hos dei svakaste stor nok til betyding for signifikant effekt i gruppa som heilskap. Eit anna perspektiv bygger på potensialet til dei svakaste for å forbetre funksjonelle rørslemønster. For det første kan oppfølging og tilbakemelding frå kvalifiserte instruktørar kan hjelpe utøvaren å effektivisere utføringa av øvinga med riktig krafttilpassing og koordinering av muskulatur (Cook, 2003; Hands, 2008). Med øving stimulerer dette nervebanar som forbetrar kommunikasjonen mellom nervesystemet og den fungerande muskulaturen, som hjelper utøvaren å prestere på ein meir stabilt nivå enn tidligare (Birch, 2016; Cook, 2003; Hands, 2008). Dessverre tar ikkje kvantitative testar som KTK direkte høgde for eventuelle endringar knytt til kvaliteten på utføringa av øvinga, som smidighet og krafttilpassing. For det andre kan denne samanhengen kome av auka aktivitet som følger av eit meir strukturert program.

Stodden et al. (2008) beskriv korleis motorisk kompetanse og fysisk aktivitet er essensielle komponentar for kvarandre, og korleis dette forholdet verkar inn aktivitetsnivå og livsstil. Basert på dette er det tenkelig at deltakarane med lågare motorisk kompetanse vanlegvis er mindre aktive i trening og konkurranse, samanlikna med deltakarane med høg motorisk kompetanse. Samtidig vil idrettsdeltakinga i seg sjølv utvikle både motoriske og fysiske komponentar gjennom dei krava idretten set til krafttilpassing og koordinering av rørslemønster. Sett ut i frå dette vil tradisjonell fotballtrening skape eit stadig større nivåskilje etter kvart som nivået aukar med alderen. Analysane som tyder på at deltakarar med dårlagare utgangspunkt har større effekt av intervensjonen, kan botne i at INT har skapt eit høgare aktivitetsnivå for barna med låg motorisk kompetanse, men tilsvarande eller lågare aktivitetsnivå for barna med høg motorisk kompetanse samanlikna med vanleg fotballtrening. Sett ut frå det helse messige perspektivet kring idrettsdeltaking, kan INT potensielt auke den

motoriske kompetansen hos utøvarar med eit svakare utgangspunkt, som i eit langsiktig perspektiv kan legge føringar for livsstil og rørslekultur. Eit siste argument for samanhengen er overlappande rørslemønster, då barn med høgare motorisk kompetanse ofte har fleire rørslemønster å spele på (Birch, 2016; Cook, 2003; Sigmundsson & Pedersen, 2000). Derfor kan dei ha hatt ei større forståing av testane ved pretest, medan utøvarane med svakare motorisk kompetanse fekk forståing for rørslemønstera først uti intervasjonen. Dette vil i så fall spele inn på prestasjonen ved posttest, og dermed endringa.

Myer, Faigenbaum, Chu, et al. (2011) beskrev oppfølging av kvalifiserte vaksne som hjørnestene i INT. I studiet til Trajković og Bogataj (2020) oppgjev forfattarane at treningane var tett følgt opp av instruktørar. I gjeldande studie var det berre éin instruktør som var ansvarlig for det nevromuskulære opplegget, som avgrensar mulighetene for å tilpasse øvingar og progresjon til kvart enkelt. Oppmøte hadde ingen samanheng med endring i grovmotorisk kompetanse ( $r^2=0,00$ ,  $p=0,96$ ,  $y=-0,01+0,21x$ ), men med å ekskludere ein tydelig uteliggjar frå analysane var det ein tendens til ein samanheng mellom pre- og posttest ( $r^2=22,6$ ;  $p=0,09$ ,  $y=0,325+0,17*x$ ). For det første viser dette kva ein uteliggjar har å seie for resultata. For det andre kan det tyde på at tidligare nemnte faktorar kan ha hatt større påverknad på resultata enn oppmøtet.

## 5.2 Idrettsspesifikk motorisk kompetanse

Idrettsspesifikk motorisk kompetanse er utfallet av eit veletablert fundament av grovmotorisk kompetanse, og handlar om å forvalte fundamentet og krafta for å spesialisere og effektivisere rørslemønstera inn mot idretten (Cook, 2003; Davids et al., 2000; Gallahue et al., 2020; Kokstejn et al., 2019; Rampinini et al., 2009; Sigmundsson & Haga, 2000; Sigmundsson & Pedersen, 2000). Resultata av den idrettsspesifikke motoriske kompetansen må derfor bli sett i lys av drøftingane kring endringane av den grovmotoriske kompetansen. INT hadde ingen effekt på innsideskot ( $p=0,09$ ). På vristskot hadde kontrollgruppa derimot ein signifikant betre framgang enn intervensionsgruppa ( $p<0,05$ ). Med ein nærmare kikk på vristskot, var det berre forskjell mellom intervensionsgruppa og subgruppe 1 ( $-22,5 \pm 7,6$ ;  $p=0,02$ ), men ikkje mellom intervensionsgruppa og subgruppe 2 ( $p=0,81$ ).

På lik linje med grovmotorisk kompetanse og innlæring av fundamentale rørslemønster, spelar individuelle faktorar som treningsalderen og puberteten inn på prestasjonen av testane

(Bloomfield et al., 1979; Brenner, 2007; Cook, 2003; Gadev & Peev, 2018). Blant ei avgrensa mengde studie på effekten av ulike treningsformar på ballhastighet er resultata sprikande (Campo et al., 2009; Rodríguez-Lorenzo et al., 2015), og litteratursøk tydar dessutan på at studiar på kvinnelige fotballspelarar er gjort på eldre eliteutøvarar. Så vidt me veit er Panagoulis et al. (2020) det einaste studiet som har sett på effekten av INT på ballhastigheten hos barn (gutar;  $11,2 \pm 0,5$  år). Til forskjell frå gjeldande studie fann Panagoulis et al. (2020) ein liten, men signifikant ( $p<0,05$ ) framgang hos både intervensionsgruppa og kontrollgruppa, kor intervensionsgruppa hadde litt meir framgang enn kontrollgruppa (omtrent 2%). Ein vesentleg forskjell mellom gjeldande studie og Panagoulis et al. (2020), er at Panagoulis et al. (2020) brukte skot med tilløp i sin protokoll. Som den tekniske analysen til Bloomfield et al. (1979) av skot viser til, er det ein ferdigheit som set krav til store koordinative eigenskapar av heile kroppen. Det er derfor vanskelig å samanlikne skot med og utan tilløp. Likevel vil deltakaren si emne til utnytte styrken i underekstremitetane og kjernemuskulaturen mest sannsynlig påverke skothastigheita, sjølv utan tilløp (Bloomfield et al., 1979; Brenner, 2007; Cook, 2003; Gadev & Peev, 2018; Kibler et al., 2006; Myer et al., 2008). Men sjølv om ein har krafta, krev det tid, øving og modning for å kunne overføre denne krafta til skotet. Ettersom intervasjonen opptok 30 minutt av den oppsette treningstida, kan dette ha gått på kostnad av utviklinga av idrettsspesifikke rørslemønster fordi INT ikkje er spesifikt nok til å ha ein effekt på skot (Campo et al., 2009; Cook, 2003). Forskjellen mellom intervensionsgruppa og subgruppe 1 er med på å bekrefte denne teorien.

Det var ikkje forskjell i endringa mellom intervensionsgruppa og subgruppe 2, noko som kan peike på alderen som ein sentral faktor. Blant deltakarane til Bloomfield et al. (1979) som hadde bortimot ferdigutvikla skot (gruppe 6) var gjennomsnittsalderen  $11,2 (9,1-12,3)$  år. Ettersom intervensionsgruppa er under  $10,4 \pm 0,3$  år kan det tenkast at det er mange av deltakarane som ikkje har eit ferdigutvikla rørslemønster i skot. Subgruppe 2 var signifikant betre enn både intervensionsgruppa og subgruppe 1 ( $p<0,05$ ) ved pre- og posttest, som kan henge saman med at eit vidarekome rørslemønster i skot presterer på eit høgare og meir stabilt nivå enn deltakarar med mindre utvikla rørslemønster (Brenner, 2007). Reliabiliteten av resultatet for skot bør derfor tolkast med forsiktigheit (Rodríguez-Lorenzo et al. (2015)). Resultata viste ikkje til signifikant forskjell i endringa i innsideskot ( $p=0,09$ ), men ein tendens til signifikant forskjell mellom intervensionsgruppa og subgruppe 1 ( $p=0,08$ ). At forskjellen ikkje er signifikant på innsideskot utan tilløp kan ha ein samanheng med at

teknikken minner mykje om pasning, som er ein teknikk er hyppigare praktisert i øvingar og spel enn kva eit vristskot er.

Det var ingen forskjell mellom gruppene i dribleløypa ( $p=0,89$ ). Intervensjonsgruppa og kontrollgruppa hadde begge signifikant reduksjon i tid mellom pre- og posttest, høvesvis 7,2% og 7,5% ( $p<0,05$ ). Subgruppe 2 brukte signifikant kortare tid enn intervensjonsgruppa og subgruppe 1 ( $p<0,05$ ) på både pre- og posttest. Tidligare studiar har funne liknande resultat hos 9-13 år gamle barn (Rössler et al., 2016), og 16-18 år gamle kvinnelege fotballspelarar (Steffen et al., 2008). At INT ikkje hadde noko effekt på idrettsspesifikk motorisk kompetanse kan kome av at intervensjonen ikkje var spesifikk nok (Sañudo et al., 2019), og at idrettsdeltakinga som vanleg fotballtrening gir har vel så stor effekt på utvikling av idrettsspesifikke motoriske ferdigheiter (Cattuzzo et al., 2016).

### 5.3 Styrke

Styrke, først og fremst power, er av timeglaspyramiden illustrert som sjølvé bindeleddet mellom grov- og idrettsspesifikk motorisk kompetanse (Cook, 2003; Lloyd & Oliver, 2012; Malina et al., 2004; Myer et al., 2013; Nordbotten, 2014; Stodden et al., 2008). Funksjonelle styrkeøvingar vil truleg bidra til å legge eit godt fundament for ein lang og krevjande idrettskarriere og samtidig generere kraft til å effektivisere rørsler inn mot idrettsspesifikke situasjoner (Cook, 2003; Faigenbaum et al., 2016; Ford et al., 2011; Lloyd & Oliver, 2012; Murtagh et al., 2018; Myer, Faigenbaum, Chu, et al., 2011; Philippaerts et al., 2006). Fordi motorisk kompetanse og fysiske komponentar er essensielle for kvarandre, må resultata av styrkeparameter bli sett i lys dei endringane av motorisk kompetanse som er drøfta over (Campo et al., 2009; Cattuzzo et al., 2016; Cook, 2003; Malina et al., 2004; Myer et al., 2013; Nordbotten, 2014; Stodden et al., 2008). Resultata i dette studiet viste ingen effekt på sit-ups, CMJ eller stilleståande lengde som følgjer av INT.

Drøftingar kring repetisjonar, belasting, treningsalder og pubertet for motorisk kompetanse gjer seg og gjeldande i utvikling av styrkeparameter. Samanlikna med europeiske barn svara gjennomsnittet til intervensjonsgruppa ved pretest til den 70ende persentil på normative data (Tomkinson et al., 2018). Styrkeutvikling utover modningsprosessen hos barn og unge er tidligare vist å vere knytt til kvalitative endringar (Behringer et al., 2011; Blimkie, 1992; Faigenbaum et al., 2016; Kraemer et al., 1989; Meen, 2000; Ramsay et al., 1990). Utøvarar

med eit høgare utgangspunkt vil ha eit mindre potensiale for kvalitative endringar. Det er blitt ymta om at kvantitative endringar er ein meir tidkrevjande prosess; varigheten, progresjonen og belastinga i denne intervensionen er truleg ikkje tilstrekkelig til å kunne gi adaptasjonar på styrkeparameterane for dei sterke deltakarane (Behm et al., 2017; Behringer et al., 2011; Meen, 2000). Tidligare studiar med INT som har vist effekt på styrkeparameter har enten hatt færre øvingar med fleire repetisjonar og sett, og/eller ytre belasting på større muskelgrupper som underekstremitetane (Faigenbaum et al., 2011; Panagoulis et al., 2020; Rössler et al., 2016; Trajković & Bogataj, 2020). Til dei plyometriske øvingane brukte Trajković og Bogataj (2020) også hekkar dei hoppa over eller boksar dei hoppa opp til dei plyometriske øvingane. Dette kan ha gitt ein psykologisk effekt til å yte maksimalt i kvar repetisjon for å klare å komme over/oppå.

Det er likevel andre studiar som ikkje fann endring på styrkeparameter som følger av INT, til tross for intervensionane hadde færre øvingar og fleire sett og repetisjonar samanlikna med gjeldande studie (Lindblom et al., 2012; Steffen et al., 2008). I desse studia, begge gjort på kvinnelige fotballspelarar på høvesvis 14 og 17 år, var det derimot færre plyometriske øvingar. Det er grunn til å tru at INT ikkje har nok belasting til å gi styrkeutvikling i styrkeøvingar hos aktive fotballspelarar (Campو et al., 2009), men at den direkte overgangen frå eksentrisk til konsentrisk fase som plyometrisk trening gir er effektiv for utvikling av eksplosiv styrke i underekstremitetane (Bogdanis et al., 2019; Gehri et al., 1998; Ramírez-Campillo et al., 2014; Trajković & Bogataj, 2020).

Intervensjonsgruppa hadde signifikant framgang i sit-up som følgjer av intervensionen (5,9%;  $p<0,01$ ). Litteratursøk tydar på at det ikkje er andre studiar som har brukt same protokoll for måling av kjernemuskulatur. I ein kroppsøvingsklasse ( $7,5 \pm 0,3$  år) viste intervensionsgruppa 205,4% framgang ( $p<0,05$ ) i curl-up som følger av 8 veker med INT, dei første 15 minuttene av vekas to kroppsøvingstimar. I curl-up gjennomfører deltakaren ein sit-up kvart tredje sekund til ho/han ikkje greier fleire (Faigenbaum et al., 2011). Bruk av ulike protokollar gjer det vanskelig å samanlikne effekten i dei ulike studiane. Men i likhet med dette studiet innebar intervensionen til Faigenbaum et al. (2011) funksjonelle og holistiske rørsler. Faigenbaum et al. (2011) påpeikar at fokus på riktig utføring av generelle rørsler og kroppskontroll i dei andre øvingane kan ha gitt indirekte effekt på kjernemuskulaturen. Trajković og Bogataj (2020) målte derimot styrke kjernemuskulaturen som tid i statisk planke, men fann ingen effekt hos nokre av gruppene. For det første speiler dynamiske testar

idrettens karakteristika betre, og er meir veleigna for denne type undersøking. For det andre argumenterer dette for at funksjonelle, holistiske treningsprogram som INT kan betre kjernemuskulaturens stabiliserande og kraftgenererande funksjon i rørsle. For å optimalisere desse funksjonane krev det at ein som instruktør hjelper deltagarane å aktivisere kjernemuskulaturen.

Vidare hadde intervensionsgruppa ein signifikant negativ samanheng mellom endring og resultat ved pretest i alle styrkeparameterane ( $p<0,05$ ), kor pretest forklarte 47%, 22,9% og 55,2% av variasjonen i endringa for høvesvis CMJ, stilleståande lengde og sit-ups. Denne samanhengen var ikkje i nokre av parameterane hos kontrollgruppa ( $p>0,05$ ). Kontrollgruppa viste derimot ein signifikant positiv samanheng mellom endring og resultat ved pretest for sit-ups, noko som indikerer at utøvarane med best utgangspunkt fekk eit endå større forsprang i løpet av intervensionsperioden. Fordi gjeldande studie har brukt ein anna protokoll enn Tomkinson et al. (2018), kan ikkje deltagarane bli samanlikna med normative verdiar på europeiske barn. Men kurva til Tomkinson et al. (2018) gir uttrykk for at prestasjonen i sit-ups ikkje endrar seg naturleg med aukande alder. Basert på dette grunnlaget kan ein gå ut frå at framgangen skuldast styrkeutvikling frå trening, og ikkje naturleg modning. Det understreker og viktigheten av å opparbeide og vedlikehalde kjernemuskulaturen hos jenter for å oppretthalde den stabiliserande og kraftutviklende funksjonen kjernemuskulaturen har i idrett (Cook, 2003; Kibler et al., 2006; Myer et al., 2008).

Av andre påverkande faktorar var motivasjonen til tider ein utfordring. I intervensionsgruppa var det svært ulik motivasjon for å delta i programmet, kor nokre hadde vanskar for å konsentrere seg og ta til seg tilbakemeldingane som vart gitt I Faigenbaum et al. (2011) sitt studie var dette eit hovudfokus som kan hatt positiv effekt på framgangen dei fann i intervensionsgruppa. At det berre var éin instruktør som kjende til programmet og følgde opp utføringa og prosesjonen til deltagarane har truleg litt å seie for effekten av intervensionen. Utover i intervensionen blei gruppa organisert i mindre grupper på 6-7 deltagarar per gruppe som betra situasjonen betraktelig. Ved kompliserte eller nye øvingar, eller grupper med stor variasjon var dette likevel mange deltagarar per instruktør. Dette er og ei utfordring som Lindblom et al. (2012) belyser i sitt studie kor INT ikkje gav effekt på kvinnelige fotballspelarar 12-16 år. Det skal òg nemnast at været kan ha vore ein stor faktor som påverka resultatet for dei ulike styrketestane.

## 5.4 Retningsforandring

Retningsforandring er akta som den fysiske og motorisk komponenten av agility (Lloyd et al., 2013; Zemková & Hamar, 2018), som utgjer ein sentral prestasjonskomponent i fotball (Reilly et al., 2000). Kontrollgruppa hadde signifikant betre framgang i retningsforandring samanlikna med intervensionsgruppa. Intervensionsgruppa viste ingen endring frå baseline, medan kontrollgruppa hadde ein liten reduksjon på tida.

På lik linje med grov- og idrettsspesifikk motorisk kompetanse, utviklar idrettens karakteristika retningsforandring i grunna repeterande repetisjonar i trening og konkurranse (Campo et al., 2009). Studiar viser til at den beste utviklinga av retningsforandring er knytt til spesifikke øvingar i idretten (Brughelli et al., 2008; Lloyd et al., 2013; Polman et al., 2004; Sheppard & Young, 2006). Samanlikna med kontrollgruppa kan det tenkast at fotballspesifikke drillar, øvingar og spel gav fleire retningsforandringar enn det intervensionen gav intervensionsgruppa. Dette kan forklare kvifor kontrollgruppa hadde større effekt på agility samanlikna med intervensionsgruppa. I Trajković og Bogataj (2020) viste intervensionsgruppa større effekt enn kontrollgruppa på retningsforandring. Men studiet var gjort på volleyballspelarar, som er ein idrett som ikkje stiller dei same krava til retningsforandring. For fotballspelarar, som får gjentakande retningsforandringar gjennom trening og konkurranse, kan tida som eit INT-program opptar føre til stagnering eller reduksjon av til dømes retningsforandring. Sett i eit meir langsiktig perspektiv kan det tenkast at INT kan ha ein positiv effekt. Å oppretthalde hastigheita tross ei retningsforandring set krav til både teknikk og kraft. Over ein kort tidsperiode på 9 veker gir truleg belastinga og repetisjonane frå fotballspesifikke drillar betre adaptasjonar på retningsforandring for unge utøvarar. Men å utvikle teknikk og kraft i kontrollerte former som INT, bygger eit robust fundament og eit optimalisert rørslemønster for prestasjon på sikt.

Ved ei retningsforandring skjer eit eksentrisk arbeid i muskulaturen i underekstremitetane; muskulaturen må først jobbe med å ta i mot vekta av eigen kropp, for så å generere maksimal kraft i den konsentriske fasen (Brughelli et al., 2008; McArdle et al., 2015b). Ettersom intervensionen i gjeldande studie inneheld plyometriske øvingar, skulle ein kunne gå ut i frå at intervasjon hadde hatt større påverknad på prestasjonen enn kva resultata viste. I eit systematiske review fann Brughelli et al. (2008) fann ein større effekt på intervensionar med horisontale hopp vs laterale hopp. Forfattaren spekulerer i om forskjellen kan botne i planet

som rørslemønstra føregår i. I ei retningsforandring arbeidar ein med å generere kraft langs bakken slik som i eit horisontalt hopp, medan i ein lateralt hopp vil ein jobbe med å generere kraft opp frå bakken. Tidligare studiar har vist effekt på retningsforandring som følger av INT samanlikna med kontrollgruppa (Duncan et al., 2018; Hopper et al., 1991; Rössler et al., 2016). Felles for desse studia er at intervensionsgruppa i tillegg hadde framgang i testar for styrke, og motorisk kompetanse i eitt tilfelle (Hopper et al., 1991). På lik linje med gjeldande studie fann Lindblom et al. (2012) ingen effekt på verken agility som følgjer av INT, eller på testar for eksplosiv styrke i underekstremitetane. Funna tyder på at retningsforandring har ein samanheng med styrke (Lloyd & Oliver, 2012; Lloyd et al., 2013; Negra et al., 2017; Sheppard & Young, 2006).

Regresjonsanalysen viste ein negativ signifikant samanheng mellom endring og tid ved pretest, også i retningsforandring (37%; -5,6%; p=0,01). Denne samanhengen kan på lik linje som ved grov- og idrettsspesifikk motorisk kompetanse og styrke kome av auka aktivitet, kvalitativt potensiale, belasting (vekt og sett/repetisjonar) og oppfølging. Ei anna forklaring kan vere det Tomkinson et al. (2018) illustrerer i grafen for normative verdiar på agility shuttle run; jenter i 10ande persentil har ei større utvikling opp til fram 11 år då kurva flatar ut på lik linje som 50ande og 90ande persentil. For jenter med svakare prestasjon i agility kan alder ha ein del å seie, noko tendensen til samanhengen på alder og endring på retningsforandring kan tyde på (22,5%; 11,5%; p=0,055). Ein anna grunn kan koma av det som Peterson et al. (2006) argumenterer for som «terskelen» for muskelstyrke. Då det er ein signifikant negativ samanheng mellom endring og resultat ved pre i både agility og styrkeparameter, kan det spekulerast i om at dei sterkeste ved pretest allereie hadde nådd «terskelen». Det kan òg hende at belastinga som er gitt ved intervensionen ikkje er tilstrekkelig til å kunne påverke prestasjonen i retningsforandring, ettersom det ser ut til at retningsforandring er ein meir tidkrevjande prosess enn styrke (Sañudo et al., 2019)

## 5.5 Metodediskusjon

### 5.5.1 Utvalet

Utvalet i denne studien besto av tre separate jentelag; intervensionsgruppa ( $n=17$ ;  $10,4 \pm 0,3$  år; Tanner's  $1,53 \pm 0,6$ ) og to kontrollgrupper ( $n=9$ ;  $10,3 \pm 0,3$  år; Tanner's  $1,3 \pm 0,5$  og  $n=9$ ;  $12,5 \pm 0,3$  år; Tanner's  $2,6 \pm 0,9$ ). Det er lite eksisterande forsking på jenter samanlikna med gutter, og gir med det eit mindre grunnlag for å forstå faktorar som verker inn på resultata.

Ettersom puberteten gir ulik påverknad på helse- og prestasjonsfremjande komponentar hos jenter og gutar, er ikkje resultat og faktorar på gutar nødvendigvis overføringsbart til jenter (Malina et al., 2004; Tomkinson et al., 2018). Gjeldande studie er derfor med å auke ein elles avgrensa kunnskap kring grov- og idrettsspesifikk motorisk kompetanse, styrke og retningsforandring hos jenter i barnefotballen. Det er tenkeleg at å utvikle denne kunnskapen kan bidra til å nå NFF sit mål om å rekrutterer fleire jenter til å spele på seniornivå (NFF, u.å.). I tillegg viser dessutan kartleggingar at jenter har større fråfall frå organisert idrett (Bakken, 2017), mindre grad av tilfredsstilling av nasjonale anbefalingar for fysisk aktivitet og meir sedativ tid i alle aldersgrupper samanlikna med gutane. Vidare viser kartlegginga at jentene vert mindre fysisk aktive og meir sedative med aukande alder (Folkehelseinstituttet, 2019). Å utvikle treningsprogram som eigner seg for jentefotballen kan bidra med å stimulere til ein aktiv rørslekultur, funksjonelle rørsler, mestring og ein livslang fysisk aktivitet (Bahr et al., 2015; Brenner, 2007; Faigenbaum et al., 2014; Myer, Faigenbaum, Chu, et al., 2011; Myer et al., 2015; Naclerio & Faigenbaum, 2011; Stodden et al., 2008).

Av dei laga som i rekrutteringsprosessen stilte seg positive til å delta i studien, var det dei tre inkluderte laga som imøtekom inkluderingskriteria. Undervegs i organiseringa og planlegginga av test og intervension gav trenarane beskjed om at oppmøte ved trening ikkje alltid var like stabilt for alle spelarane i gruppa. Det vart difor tatt etterhald om at det kunne oppstå fråfall grunna lågt oppmøte, eller berre oppmøte på ein av testane. I tillegg var intervensionen i ein periode kor koronarestriksjonane gav løyve til å vere maksimalt 20 stykk på trening, i ei intervensionsgruppe som i utgangspunktet var 24.

Det er ulike svakheiter knytt til at studiet består av tre separate lag. For det første er subgruppe 2, to år eldre enn intervensionsgruppa og subgruppe 1. I tillegg skil subgruppe 2 seg ut på antropologiske mål, pubertetsstadie og fysiske parameter samanlikna med intervensionsgruppa og subgruppe 1. Fordi det ikkje blei tatt målingar av antropologiske mål og pubertet ved posttest kan ein ikkje seie noko om eventuelle endringar har hatt noko å seie for resultata av intervensionen, dette vil i så fall berre vere spekulasjonar. Det kan òg tenkast at dei eldre deltakarane har eit større rørslerepertoar med meir ferdigutvikla rørslemønster samanlikna med enn dei yngre deltakarane. Skilnaden kan ha hatt ein påverknad på utviklinga av grov- og idrettsspesifikk motorisk kompetanse, styrke og agility gjennom intervensionen.

Likevel har studien analysert kontrollgruppa som ei gruppe, fordi subanalysane (vedlegg 5) viser ingen forskjell i endring mellom subgruppene. Unntaket er sit-up, kor subgruppe 1 hadde signifikant reduksjon i talet på repetisjonar ( $-0,4 \pm 1,3$ ;  $p<0,01$ ) medan subgruppe 2 hadde signifikant forbetring i talet på repetisjonar ( $1,8 \pm 0,7$ ;  $p<0,01$ ). Fordi testen viste til eit stort spreingsmål i forhold til endringane, kan denne forskjellen tenkast å botne i individuelle faktorar som til dømes dagsform. Ytre faktorar ved pre- og posttest var tilnærma like for subgruppene, og har med det truleg lite å seie for forskjellen. Forskjellen kan og ha kome av den stimulien fotballtreningsa gir på dei ulike komponentane. Optimalt sett burde intervensionsgruppa og kontrollgruppa vere innanfor det same fotballaget, slik at det einaste som skil gruppene er intervension eller ikkje intervension. Når datamaterialet kjem frå tre separate lag med tre ulike treningsopplegg, er det ein risiko for konfunderande bias knytt til resultatet fordi intervensionsstudie verken kontrollerte kontrollgruppene eller resten av økta til intervensionsgruppa. Det blei til dømes kjend etter kvart at subgruppe 2 hadde ein fysioterapeut som del av trenarteamet, som jamleg gjennomførte eit liknande program som INT på deltakarane før og under intervensionsperioden. Sett i etterkant burde det vore eit ekskluderingskriterie ved rekrutteringa om deltakarane hadde erfaring med INT eller liknande opplegg. Grunna praktiske årsaker knytt til deltakarar, oppmøte og restriksjonar som drøfta over, var det ikkje mulig å ha intervensionsgruppa og kontrollgruppa innanfor den same treningsgruppa. Fordi intervensionsgruppa var ei større treningsgruppe blei desse plukka ut til å vere intervensionsgruppe, medan dei andre blei slått saman til ei kontrollgruppe. Sidan kontrollgruppa skulle halde fram med vanlig trening blei dette vurdert som den beste løysinga trass aldersforskjellen.

Karakteristika kring barnefotballens organisering og oppbygging er med på å påverke effekten av ein slik type intervension. For det første er barneidretten i stor grad styrt av frivillige foreldre, som også var tilfellet for dei inkluderte laga i denne studien. Dette skapar ulike grunnlag frå lag til lag fordi trenarteamets ulike erfaring, kompetanse, personlige eigenskapar, størrelse – og samspelet mellom desse – påverkar laget. Talet på trenrarar samanlikna med talet på spelarar var ein forskjellen som peika seg ut mellom gruppene i dette studiet. Intervensionsgruppa besto hovudsakleg av 2-3 trenrarar på maksimalt 24 spelarar, subgruppe 1 hadde 2-3 trenrarar på 12 spelarar, og subgruppe 3 hadde 6 trenrarar på 17 spelarar. Dette forholdet mellom talet på spelarar og trenrarar utgjer ein miljø messig faktor med muligheter for tettare oppfølging, individuell tilpassing av øvingar, mulig høgare aktivisering og anerkjenning av innsats og oppmøte på trening.

I tillegg er norsk barneidrett retta etter barneidrettsbestemmingane for å sikre alle barn og unge ein trygg og god oppleving kring idrettsdeltakinga. For barn opp til 10 år er bestemmingane prega av eit variert tilbod innanfor idretten. Det er òg ei aldersgruppe som framleis har mindre grad av strukturelle opplegg (Lloyd & Oliver, 2012; NIF, 2009a; Tønnessen, 2012). Strukturen av eit vanleg opplegg, saman med modningsnivået og kulturen i gruppa, er med å legge føringar for kor vidt innføring av eit strukturelt opplegg som INT blir. Intervensjonsgruppa var prega av at idretten skulle vere ein plass for alle, kor ein ønsker å halde på flest mulig, lengst mulig på tvers av ferdigheiter, motivasjon og ambisjonar. For nokre var det derfor vanskelig å oppretthalde den konsentrasjonen og motivasjonen som eit intervensjonen sette krav til, og som vidare påverka kor vidt den enkelte utøvaren var mottakelig for å ta til seg og rette seg etter tilbakemeldingar som vart gitt.

### **5.5.2 Målemetodar**

Spørreskjema blei brukt for å hente informasjon knytt til antropologiske mål, pubertet og treningsalder. Deltakarane fekk utdelt spørreskjema ved informasjonsmøte saman med ein konvolutt, og leverte i spørreskjema i forsegla konvolutt til trenar eller prosjektleiar ved neste anledning. Det er ein risiko for rapporteringsbias knytt til sjølvrapportert data (O'Donoghue, 2013). For det første kan det vere ulik kvalitet på måleinstrumenta som blei brukt. For det andre kan enkelte ha brukt gamle mål frå helsekontroll, pass, o.l. i mangel på eigne målinstrument i heimen, som fort vert utdaterte då desse parameterane er i hyppig utvikling kring pubertet. For det tredje er informasjon om høgde, vekt og pubertet sensitivt, og kan med det vere vanskelig å svare på for deltarane. I informasjonsmøte blei det gitt kort og saklig informasjon om relevansen av informasjonen, samt meir utfyllande i informasjonsbreva til både deltarane og føresette. Å vere klar og tydeleg på korleis informasjonen blei brukt, og kva dette hadde å seie for studiet, hadde forhåpentlegvis ein førebyggande effekt på rapporteringsbias, og det kom tydeleg fram at fleire hadde fått hjelp frå føresette. Resterane data i denne studien er henta frå feltbaserte testar egna for testing på barneidretten då dei er lette å administrere, krev relativt lite utstyr og er kostnads- og tidseffektive (Castro-Piñero et al., 2009).

Pre- og posttest blei gjennomført på deltarane sitt vanlige treningsfelt, til lagets oppsette treningstider. Dette styrka reliabiliteten til resultatet ettersom deltarane allereie var vande

med det tidsrommet og treningsfeltet testane vart føretatt i. Å teste innanfor det same tidsrommet og den same lokasjonen var med å standardisere testane frå pre- til posttest. Å organiserte deltakarane i grupper på tre var og tenkt som eit standardiserande metodisk val. Med hjelp frå lagets trenrarar blei laga organisert i jamne grupper av motiverande årsaker, og for å gi deltakarane ein naturleg pause mellom forsøka medan dei to andre utførte testen. Det var planlagt at deltakarane skulle vere i dei same gruppene ved begge testane, men grunna fråfall ved posttest blei gruppene blanda. Det blei vurdert som ein større feilkjelde at nokre skulle vere åleine på gruppa, enn at dei var på gruppe med nokon andre enn ved pretest. Fordi gruppene hadde eit rulleringssystem på fire stasjonar fekk derfor ikkje alle deltakarane den same rekkefølga ved begge testane. Dette kan ha hatt ein påverknad med tanke på at nokre testar er meir utmattande enn andre; likevel er ingen av testane på dei fire første stasjonane særleg slitsame, så ein kan gå ut i frå at dette hadde lite å seie. Intervensjonsgruppa blei ytterlegare organisert i to puljar då det berre var kapasitet til å teste 12 deltakarar samtidig, for å hindre unødvendig venting.

Fordi intervensjonsgruppa og kontrollgruppa kom frå to ulike klubbar, var det forskjell på treningsfeltet for dei to gruppene. Til dømes kunne underlaget ha noko å seie for feste ved brå vendingar på retningsforandring og dribling. Eit anna moment er drenering av vatn på testområdet. Dette leier inn på korleis ytre faktorar som vær og baneforhold kan påverka resultatet av intervasjonen. Kontrollgruppene hadde tilnærma like forhold ved pre- og posttest, med nokre få grader i skilnad. Fleire av utøvarane valde likevel å kle av yttertøy utover i testen, som kunne tyde på at dei ikkje frøys under testinga. Intervensjonsgruppa hadde dermed svært ulike forhold; ved pretest var det stort sett opphold, med sporadiske yrregnbyer. Ved posttest var det derimot mykje regn, sterk vind og vesentlig kaldare. Venting på forsøk og rulling gjorde posttesten til ei kald oppleving for dei som ikkje haldt seg aktive, og medførte at to av deltakarane måtte bryte halvveis fordi dei var så kalde. Resterande deltakarar blei truleg påverka av været med kald muskulatur, reduksjon i motivasjon og fokus på å få bli ferdig i staden for å konsentrere seg om å gjere så godt ein kunne på dei ulike testane.

Testbatteriet var heilskapleg med varierte øvingar som besto av sentrale komponentar for prestasjon i fotball (Forsman et al., 2016; Lloyd & Oliver, 2012; Reilly et al., 2000), og som deltakarane uttrykte at var kjekt å gjennomføre. Testbatteriet var òg svært omfattande, som skapte eit stressmoment hos trenrarar og testleiarar for å halde tida innanfor lagets

treningstider før etterkommande lag skulle ha treningsområdet. Det er sannsynlig at deltakarane oppfatta stresset, og kan ha påverka konsentrasjonen til å prestere i testane. Vidare drøfting tar føre seg validitet og reliabilitet til dei ulike fysiske målemetodane.

### *Grovmotorisk kompetanse*

Körperkoordinationstest für Kinder (KTK) blei nytta for å måle den grovmotoriske kompetanse til deltakarane i dette prosjektet. Ettersom testen er standardisert for å måle grovmotorisk kompetanse på barn mellom 5-15 år (Vandorpe et al., 2011), egner testen seg for utvalet i denne studien. Då KTK-testen baserer seg på kvantitative, objektive mål som tar høgde for alder og kjønn er resultata samanliknbare med andre utval på tvers av idrett, alder, nivå og kjønn. Dette viser til ein sterk ekstern validitet (O'Donoghue, 2013). Baksida med ein objektiv motorisk test er at den ikkje tar høgde for kvaliteten på utføringa. På barn med lågare motorisk kompetanse kan ein observere stivare og meir isolerte øvingar, og/eller avgrensa eller overdrive bruk av kroppen (Hands, 2008). Andre testar for motorisk kompetanse, som til dømes CAMSA (Longmuir et al., 2017), involverer ei subjektiv vurdering av kor vidt deltakaren meistrer den motoriske oppgåva eller ikkje. KTK-testen ekskluderer eventuelle kvalitative endringar ved motorisk kompetanse, som svekker den interne validiteten. Med å ekskludere det kvalitative aspektet er det og ein auka risiko for å gjere ein type II feil (O'Donoghue, 2013).

Vidare består KTK-testen av fire deltestar som til saman evaluerer den grovmotoriske kompetansen til deltakaren, som eit indirekte mål på den motoriske utviklinga. Deltestane er varierte, og tar føre seg fleire fundamentale rørslemønster. Barn med lågare motorisk kompetanse er mindre tilrekneleg i repeteringa av ei øving, så den kvantitative tilnærminga av testen gir ein sterk validitet til å evaluere utøvaren (Hands, 2008; O'Donoghue, 2013). Ein kan likevel stille seg kritisk til relevansen av testen retta mot fotballspelarar, fordi idretten ofte stiller krav til at ein bruker rørslemønster i samanheng og/eller etterfylgt av andre rørslemønster for å oppnå eit idrettsspesifikt mål. Dømesvis stiller må ein balansere på eit fot medan ein skyt, eller time inn hoppet for så å hoppe opp i lufta og bruke kroppen for å stange ballen inn i mål ved ein corner.

Ein detaljert protokoll styrker reliabiliteten til testen, fordi den er brukarvennlig og enkel å standardisere for likt resultat frå forsøk til forsøk (O'Donoghue, 2013). I subjektive testar som CAMSA kan forskjellige testleiarar vurdere ulikt kor vidt deltakaren meistrer ei oppgåva

eller ikkje (Longmuir et al., 2017). I eit systematisk review på studiar som brukte KTK, målte sju av studia test-retest reliabilitet (Iivonen et al., 2016). Den sterkeste korrelasjonen var for den totale scoren ( $r=0,89-0,94$ ), medan den svakeste korrelasjonen var på å balansere bakover ( $r=0,77-0,79$ ). Test-retest reabiliteten blei evaluert i tre av fire testar. Intraklassekorrelasjonen (ICC) var sterkt i hink over hinder ( $r=0,82$ ) og sideforflytting ( $r=0,88$ ) og moderat i sidehopp med samla bein ( $r=0,71$ ). Variasjonskoeffienten (CV%) viste liten presisjon i hink over hinder (16,25%), og moderat i sidehopp (9,26%) og sideforflytting (9,42%). At variasjonskoeffisienten er høgare enn endringane i gruppene kan indikere at resultatet ved studien er tilfeldig. Grunna metodiske feil på balansetesten ved første test er det ikkje grunnlag for å seie noko om reliabiliteten til balanse bakover. Derfor er det heller ikkje grunnlag for å evaluere test-retest reliabiliteten til den totale motoriske kvotienten for dette utvalet.

Delar av testen, særleg balansere bakover og sideforflytting, var sårbar for ytre faktorar som regn og skotøy, ettersom det våte treet var betraktelig glattare for dei med fotballsko. Balansetesten var òg vanskelegare for dei med fotballsko, fordi knottane gir ei mindre stabile flate å balansere på samanlikna med joggesko. Dei store variasjonane i framgangen/reduksjonen sett hos enkelte deltakarar i figur 12a og 13a samanlikna med figur 12b og 13b, kan tyde på ulikt skotøy ved pre- og posttest.

#### *Idrettsspesifikk motorisk kompetanse*

Stilleståande vryst- og innsideskot og dribbling utgjorde den idrettsspesifikke motoriske kompetansen, ettersom dei begge er sett på som sentrale prestasjonskomponentar i fotball (Forsman et al., 2016; Reilly et al., 2000; Vänttin et al., 2011). Protokollen for skota er henta frå Markovic et al. (2006), kor deltakarane skulle skyte ballen så hardt som muleg i eit mål utan tilløp. Å ekskludere tilløpet styrker den interne validiteten for kor vidt foten klarar å produsere kraft i skotet. Den er òg lett å standardisere med mindre krav til tekniske aspekt kring tilløpet, noko som styrker den eksterne validiteten (O'Donoghue, 2013). Som ein idrettsspesifikk motorisk test for motorisk kompetanse, skal skotet evaluere kor vidt deltakaren evner å effektivisere det funksjonelle rørslemónsteret (Cook, 2003). Ettersom ein som oftast har tilløp i trening og konkurranser, er ein test utan tilløp mindre valid som eit mål på idrettsspesifikk motorisk kompetanse. Dribleløypa er blant anna brukt for talentidentifisering av det finske fotballforbundet (Vänttin et al., 2011). Basert på Hands (2008) teori om uføreseielege repetisjonar hos barn med lågare motorisk kompetanse, har

løypas lengde og tal på kjegler truleg potensialet til å skilje deltakarar med høg idrettsspesifikk motorisk kompetanse frå dei med lågare. Sjølv om avstanden mellom kjeglene varierer til ein viss grad, er løypa nokså einsformig. Dribling og ballkontroll i fotball stiller ofte krav føringar i ulike retningar av ulik avstand, og det er derfor tenkelig at løyper som speiler denne variasjonen er meir relevant for å evaluere deltakarens emne til å drible.

Vrist- og innsideskot som er brukt i denne studien har tidligare hatt sterk intraklassekorrelasjon hos mannlige idrettsstudentar, høvesvis 0,95 (0,93-0,96) og 0,96 (0,95-0,97) (Markovic et al., 2006). Grunna metodiske feil ved første pretest var det ikkje mogleg å måle ICC eller CV% for skota i dette utvalet. Basert på observasjonane til Bloomfield et al. (1979) kan ein tenke seg at fleire av deltakarar ikkje hadde eit ferdigutvikla rørslemønster for skot, så resultatet for skot burde derfor tolkast med forsiktighet (Rodríguez-Lorenzo et al., 2015). På bakgrunn av dette er truleg ikkje testar på skot den mest eagna idrettsspesifikke ferdigheita å ha med for å evaluere idrettsspesifikk motorisk kompetanse på barn. Vêret på intervensionsgruppas posttest hadde truleg også påverknad på resultatet då det påverka muskulaturen og konsentrasjonen for å utføre testen.

Dribleløypa som er brukt har tidligare vist sterk ICC på unge fotballspelarar ( $12.0 \pm 1,4$  år;  $r=0,82$ ;  $p<0,01$ ) (Vänttinien et al., 2011). Evalueringa av reliabiliteten for utvalet i dette studiet viste ein sterk ICC ( $r=0,58$ ;  $p<0,01$ ), men presisjonen av testen var svak ( $CV=13,01\%$ ). Fordi endringa er mindre enn variasjonskoeffisienten i begge gruppene, kan ein heller ikkje sei sikkert at det har vore ei endring. Av ytre faktorar var det særleg vær og tid som kan ha påverka resultatet til intervensionsgruppa. For det første skapte regnvêret ved posttest små vasspyttar på ein dårlig drenert bane til fordel og ulempe; fordel fordi det var lettare å halde kontrollen på ballen når den ikkje trilla så fort, og ulempe fordi ballen trilla saktare enn kva den gjorde når det ikkje var små vasspyttar. For det andre blei synet ein faktor for den siste pulja som blei testa ved pretest. Fordi dribling var blant dei siste testane, og det kom påfølgande lag etter lagets oppsette treningstid, blei løypa satt opp i ein ballbinge like ved banen. Då denne ikkje var belyst blei det noko vanskeligare for dei siste å sjå, ettersom det byrja å skumra utover kvelden. For det tredje hadde også skotøyet noko å seie for testen, då dei som gjennomførte løypa med joggesko hadde ein tendens til å snuble i ballen undervegs i føringa.

CMJ, stilleståande lengde og sit-ups utgjorde styrkeparameterane i denne studien. Hopptestane er mykje brukt for å evaluere den eksplosive styrken i underekstremiteten (Adams et al., 1992; Fernandez-Santos et al., 2015), og med ein standardisert protokoll viser testane til høg ekstern validitet. Samtidig evaluerer testbatteriet den arbeidande muskulaturen si evne til å generere kraft i ulike plan og retningar, som speiler idrettens to-dimensjonale krav til eksplosiv styrke i til dømes hopp og retningsforandring (Brughelli et al., 2008). CMJ blei føretatt utan armsving for å redusere bias som timing, og den eventuelle påverknaden armsvingen har på resultatet i hoppet. Tatt inn i ein idrettsspesifikk samanheng reduserer CMJ utan armsving den interne reliabiliteten til hoppet, fordi fotballspelarar som regel bruker armane i utføringa av dei ulike rørslemónstera. Det var derfor unaturlig for mange av deltakarane å halde hendene på hofta når dei skulle utføre testen. Dei same drøftinga kring indre validitet gjeld også stilleståande lengde utan tilløp. Sit-up testens relevans for fotballspelarar er sprikande. Kjernemuskulaturen si oppgåve i fotball er å stabilisere kroppen i hyppige retningsforandringer eller ved ytre press, og bidra til kraftutvikling til idrettsspesifikke ferdigheiter som pasning og skot (Kibler et al., 2006). Ein dynamisk, kvantitativ tilnærming vil kunne seie noko om deltakarens evne til å generere eksplosiv kraft. I tillegg har testens nøyaktig protokoll og instruksar for godkjente repetisjonar gode føresetnadar for samanlikning med andre grupper. Når det er sagt kan det vere ulikt på kva ein testleier definerer som å røre ved kneet ved øvre stilling, som kan bli ein relevant problemstilling etterkvart som deltakaren blir sliten og har vanskar for å nå heilt opp. Ein anna svakhet med testen er at tida set avgrensingar for kor mange repetisjonar deltakarane greier; med eit kort tidsrom å prestere på aukar dette risikoen for å gjere ein type II feil.

Tidligare studiar har dokumentert glimrande ICC for CMJ og ( $r=0,95$ ;  $p<0,01$ ) og stillesåande lengde ( $r=0,94$  ( $p<0,01$ ) på barn mellom 6-12 år (Fernandez-Santos et al., 2015)). Grunna metodiske feil på CMJ ved første pretest var det ikkje datagrunnlag til å måle test-retest reliabiliteten på dette utvalet. I stilleståande lengde viste utvalet ein sterk ICC ( $r= 0,82$ ;  $p<0,01$ ) for deltakarane. Ein variasjonskoeffisienten på 5,99% viste til god presisjon for testen, men likevel større enn endringa som var sett etter intervensionen for begge gruppene. Litteratursøk tyder på at det ikkje er studiar som har gjennomført den same protokollen for sit-up som denne studien, så testens test-retest reliabilitet er ikkje testa ved tidligare studiar. Deltakarane i gjeldande studie var derimot ein svak, ikkje-signifikant ICC ( $r=0,38$ ;  $p=0,18$ ). Variasjonskoeffisienten på 13,75% tyda på ein mindre presis test, og dessutan større enn endringane som var sett i studiet. Grunna eit færre tal på repetisjonar som følgjer av kort tid

